



GULEN KOMMUNE
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA



Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032



Planskildring
2. gongs høyring

Gulen kommune

Sak: 17/675, 18/1379

Vedtak om oppstart og godkjenning av planprogram	FSK 047/17	01.06.2017	Jp. 17/4989
Godkjenning av revidert planprogram	KOM 074/17	19.10.2017	Jp. 17/8619
Drøftingsmøte med akvakulturnæringa		21.03.2018	Jp. 18/3261
Drøftingsmøte med industriverksemder		03.12.2018	
Høyring 1. gongs offentlig ettersyn	FSK	27.01.2020	JP 20/460
Høyring 2. gongs offentlig ettersyn	FSK	02.07.2021	JP 21/6343
Godkjenning av arealplan 2020-2032			

Innhold

1. Bakgrunn og føremål.....	5
1.1. Bakgrunn	5
1.2. Føremål	5
2. Føringar for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.....	6
2.1. Nasjonale forventningar	6
2.2. Statlege planretningslinjer	6
2.3. Andre lover og føringar	7
2.4. Regionale forventningar.....	1
2.5. Kommuneplanen sin samfunnsdel og andre kommunale føringar	1
3. Forankring	2
3.1. Lovgrunnlag	2
3.2. Medverknad	3
3.2.1. Akvakultur	3
3.2.2. Industri	3
3.2.3. Ungdom, friluftsliv og anna	3
4. Skildring av kommuneplanen sin arealdel.....	4
4.1. Innhald	4
4.2. Rettsverknad.....	4
4.3. Planområdet og hovudsatsingsområde for planen.....	4
5. Rammer for arealplanen	5
5.1. Klima.....	5
5.1.1. Klimaendringar	5
5.1.2. Klimatilpassing.....	6
5.1.3. Vindkraft.....	7
5.2. Risiko- og sårbarheitsanalyse	10
5.2.1. Støysone (H200)	11
5.2.2. Naturfare -ras, skred, flaum og stormflo (H300).....	11
5.2.3. Kvikkleire	11
5.2.4. Storulukke	12
5.3. Natur og landskap	12
5.4. Kulturminne, friluftsliv og folkehelse	0
5.4.1. Kulturminne.....	0

5.4.2. Friluftsliv og folkehelse.....	0
5.5. Strandsonevern	1
5.6. Samferdsel.....	2
5.6.1. Veg.....	2
5.6.2. Sjø	2
5.6.3. Luft	2
6. Framtidsretta bustadutvikling.....	3
6.1. Kjenneteikn ved busetnaden i Gulen	3
6.2. Folkehelse og demografi	4
6.3. Overordna føringar	5
6.4. Busetnad i kommuneplanen	5
6.4.1. Bustadområdet.....	5
6.5. Korleis løyser arealplanen utfordringar knytt til bustadområde	12
7. Områder for akvakultur på sjø og land.....	13
7.1. Kjenneteikn ved akvakulturnæringa	13
7.2. Overordna føringar	13
7.3. Akvakultur i arealplanen	14
7.3.1. Matfisk.....	14
7.3.2. Algar og akvakulturdyr	15
7.3.3. Akvakultur på land.....	15
8. Gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling	16
8.1. Kjenneteikn ved næringsutviklinga	16
8.2. Overordna føringar	17
8.3. Næringsutvikling i arealplanen.....	18
9. Områder for bygging i strandsona.....	19
9.1. Kjenneteikn ved strandsona.....	19
9.2. Overordna føringar	20
9.3. Strandsona i arealplanen	20
9.3.1. Nye områder for bygging i strandsona.....	20
9.3.2. Dispensasjon frå strandsonevernet.....	20
10. Samla konsekvensvurdering av arealplanen	21
10.1. Bustad.....	21
10.2. Næring.....	22
10.3. Naturmangfald	22
10.4 Friluftsliv	22
10.5 Kulturmiljø og kulturminne	22

10.6. Landskap.....23

Planomtale

1. Bakgrunn og føremål

1.1. Bakgrunn

Alle kommunar er pålagt å ha ein kommuneplan som seier noko om korleis ein ynskjer at kommunen skal utvikle seg framover. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med handlingsdel, og ein arealdel. Samfunnsdelen omhandlar mål og strategiar for utvikling, medan arealdelen syner korleis dette kjem til uttrykk i kommunen sin arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel skal omfatte plankart, føresegner og planomtale, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 11-5.

Planomtalen skal beskrive arealplanen sitt føremål, hovudinnhald og verknadar. I planomtalen skal det kome fram kva slags vurderingar som har ført fram til den tilrådde planen, og kva for rammebetingelsar den byggjer på. Planomtalen seier også noko om korleis nasjonale mål og retningslinjer er ivaretekne i planen.

Arealdelen har eit tidsperspektiv på 12 år, men ved kvar ny kommunestyreperiode skal det vurderast om planen har behov for revisjon. Førre arealplan vart vedteken i 2014. Kommunal planstrategi frå 2016 seier at kommuneplanen sin arealdel skulle reviderast i 2017 og 2018. Ulike forhold internt i organisasjonen har ført til at prosessen har strekt ut i tid, og kommunen har difor har kome på etterskot.

27.01.2021 vart det vedteke å starte opp arbeidet med å utarbeide ein ny samfunnsplan. Målet er at den planen skal verte ferdig til sommaren 2022. Det er ikkje venta at satsingsområda i den nye samfunnsplanen skal kome i konflikt med denne arealplanen.

1.2. Føremål

Målet for arealplanen er at den skal bygge opp under satsingsområda i samfunnsplanen og legge til rette areal som sikrar moglegheiter for vekst og utvikling i næringslivet, gode buforhold i grender og bygdesenter, samt å leggje til rette for gode oppvekstvilkår for unge.

I planprogrammet vart det vedteke at rullering av arealplanen skal fokusere på følgjande tema:

- Framtidsrette bustadutvikling
- Gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling
- Område for akvakultur på sjø og land
- Område for bygging i strandsona

Kommuneplanen sin arealdel skal vere ei konkretisering av samfunnsplanen sine overordna mål og føringar, og den er styrande for forvaltning av areal og naturressursar i kommunen. Rullering av arealdelen vil i hovudsak vere ei vidareføring av eksisterande plan, men i ein meir oppdatert og tilpassa form. Aktuell rullering vil i hovudsak innebere mindre endringar og oppdateringar for å tilpasse plangrunnlaget betre til dagens behov.

I september 2020 vedtok Kommunestyret (Sak 054/20) å starte opp arbeidet med ein Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland. Denne planen vil få status som kommunen sin arealplan i sjø når den vert vedteken i 2022. For akvakulturnæringa og sjøområda vil denne rulleringa av arealplanen difor berre innebere mindre endringar for å imøtekomme dei største behova til næringa. Ytterlegare tilpassing til framtidsretta bruk av sjøen som tek omsyn til både bruk og vern, vil verte jobba med i arbeidet med å utforme den interkommunale planen.

2. Føringer for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel

Etter plan- og bygningslova § 11-1 skal kommunen ha ein kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Gulen kommune har per i dag ingen arealstrategi. I planprogrammet til kommunen sin samfunnsplan er det lagt opp til at ein slik arealstrategi skal utviklast som ein del av samfunnsplanen.

2.1. Nasjonale forventningar

Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Desse skal fylgjast opp i fylkeskommunar og kommunar gjennom planstrategiar og planar. Forventningar for perioden 2019-2023 vart vedtekne ved kongeleg resolusjon i 2019.

Dei nasjonale forventningane seier mellom anna at FN sine 17 berekraftsmål, som Noreg har slutta seg til, skal vere retningsgivande for å ta tak i våre største utfordringar. Dette vil sikre mellom anna sosial rettferd, god helse, og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. Det er difor viktig at berekraftsmåla vert ein del av grunnlaget også for arealplanlegginga.

Regjeringa legg vekt på at me står ovanfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

2.2. Statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer vert brukt for å konkretisere dei nasjonale forventningane til planlegginga og markere nasjonal politikk på viktige områder i planlegginga. Desse skal kommunane leggast til grunn både ved planlegging og enkeltvedtak.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)

Kommunen skal gjennom planlegging bidra til reduksjon av klimagassutslepp og miljøvennleg energiomlegging. Planlegging skal også bidra til at samfunnet er førebudd på, og tilpassa, klimaendringane.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)

Utbyggingsmønster bør fokusere på å utvikle kompakte byar og tettstadar for å redusere transportbehovet og legge betre til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. Planlegging skal bidra til berekraftig utvikling, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021)

Ålmenta sine interesser skal ivaretakast og ein skal unngå uheldig bygging langs sjøen. I 100-metersbeltet er det omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser som skal råde.

Gulen kommune ligg i område 3 i retningslinja og er eit av områda med mindre press på strandlinja.

Rikspolitiske retningslinjer for Barn og planlegging med rundskriv T-2/2008.

Rundskrivet utdjuar og forklarar rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga. Dokumentet peiker på at ein gjennom planar som kommuneplanen sin arealdel skal leggje til rette for og sikre areal som nyttast av barn og unge. Rundskrivet formulerer mellom anna krav til fysisk utforming for areal som vert nytta av barn. Det er og utgitt ein temarettleiar om temaet.

2.3. Andre lover og føringar

Utover dei nasjonale forventningane og dei statlege planretningslinjene, ligg det også til grunn ei rekke særlover og rettleiarar som kommunalt planverk og verksemd må ta inn over seg. Eit utdrag av nokre av dei viktigaste som vil ha relevans for arealplanen er presentert under.

- Plan- og bygningslova
- Folkehelseslova
- Naturmangfaldslova
- Sivilbeskyttelseslova
- Samhandlingsreforma
- Helse- og omsorgstenestelova
- Friluftsløva
- Jordlova
- Kulturminnelova
- Forureiningslova
- Lakse- og innlandsfiskelova
- Minerallova

Konsekvensutgreiingsforskrifta (2017) med tilhøyrande rettleiar og Kartforskrifta (2013) er også vesentlege i vurderinga av kva tiltak som skal konsekvensutgreiast og korleis plankartet skal framstillast.

Det er også utarbeidd ei rekkje stortingsmeldingar og retningsliner som gjev føringar for arealplanlegging. Nedanfor er nokre av dei viktigaste presentert, men lista er ikkje uttømmende:

Planlegging for spreidd bustad-, fritids- og næringsbygging i LNF-områder (2020)

Rettleiaren skal vise korleis kommunane kan styre spreidd bygging i LNF i kommunale arealplanar.

Stortingsmelding nr 26. (2006-2007): Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand

Regjeringa sitt viktigaste dokument for ein samla framstilling av miljøpolitikken. Dokumentet legg føringar for korleis kommuneplanen skal nyttast for å oppnå miljømål innanfor fleire ulike tema som areal og transport, kulturminne, naturmangfald etc.

Riksantikvaren sin rettleiar (2016): Kulturminne, kulturmiljø og landskap

Viser korleis kommuneplanen skal ta i vare regionale og nasjonale mål i tillegg til dei kommunale når det gjeld forvaltning av kulturminneverdiar. Rettleiaren kjem mellom anna med gode døme på korleis framstille plankart og formulere føresegner i kommuneplanen sin arealdel for å sikre kulturminne og kulturmiljø.

Statens landbruksforvaltning (2012): Temaretttleiar: Landbruk og planlegging etter plan og bygningsloven

Fortel korleis ein kan nytte handlingsrommet i kommuneplanen sin arealdel i forvaltninga av landbruket sine ressursar i kommunen gjennom gode døme på mellom anna føresegner og retningsliner. Dokumentet er og ei kjelde for å forstå bakgrunnen til dei landbrukspolitiske føringar som gjeld.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (2017): Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging

Rettleiaren legg føringar og dannar det metodiske grunnlaget for utarbeidingar av ROS - analyser for arealplanar. Alle nye område for utbygging skal vurderast med omsyn på risiko og sårbarheit.

Temaretttleiar: Universell utforming i planlegging etter plan- og bygningsloven (2009)

Universell utforming er nedfelt i føremål-paragrafen i plan- og bygningslova. Rettleiaren (under rullering) peiker på korleis universell utforming kan sikrast innanfor handlingsrommet i arealdelen til kommuneplanen.

T-1442: Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (2016)

Formål er å førebygge støyplagar og ta i vare stille og lite støypåverka natur - og friluftsområde. Ho kjem

vidare med anbefalingar om korleis synleggjere og handtere støyproblematikk i kommuneplanen sin arealdel.

2.4. Regionale forventningar

Regionale planar og strategiar gir også viktige føringar til det kommunale planarbeidet. Nokre av dei viktigaste av desse er:

- Regionale planar for folkehelse 2015-2025
- Regionale planar for klima, energi og klimaomstilling
- Regional plan for arealbruk
- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Regional transportplan 2014-2023
- Regional plan for vindkraft
- Regional plan for vasskraft
- Regional strategisk plan for kysten
- Regional plan for vassforvaltning 2015-2021 (revidert plan Vestland vassregion 2022-2027 er under utarbeiding)

2.5. Kommuneplanen sin samfunnsdel og andre kommunale føringar

Kommuneplanen sin arealdel skal utformast med utgangspunkt i samfunnsdelen, som vart vedteken i 2014. Den definerer Gulen kommune sin visjon på denne måten:

VISJON: Gulen skal vere ein kommune med

- **Gode oppvekstvilkår**
- **Livskraftige og samarbeidande bygder**
- **Mangfald og rom for alle**

Hovudmålsetjinga i samfunnsplanen er at Gulen skal vere ein god og trygg kommune å bu i, og at innbyggjartalet skal auke til minimum 2500. For å byggje opp om dette hovudmålet, er samfunnsdelen vidare inndelt i tre satsingsområde med tilhøyrande hovudmål:

Busetnad/ kommunale tenester	Infrastruktur/ næringsliv	Born og unge/kultur
<ul style="list-style-type: none"> •Auke innb.talet til 2500 •Behalde fire livskraftige bygdesenter <ul style="list-style-type: none"> •Sikre gode tilbod •Trygge og framtidsetta bustadområde i alle grender og bygdesenter 	<ul style="list-style-type: none"> •Lønnsame og varierte arbeidsplassar •Kommunen skal vere eit felles bu-og arbeidsområde •Minske avstandsulemper 	<ul style="list-style-type: none"> •God kvalitet på tenester til born og unge <ul style="list-style-type: none"> •Trygge og gode oppvekstvilkår •Skape felles identitet

Følgjande utgreiingar er også relevante for utarbeidinga av kommuneplanen sin arealdel:

- Gulen kommune si overordna ROS-analyse og beredskapsplan
- Folkehelseoversikta
- Landbruksplan
- Strandsoneanalyser del 1 og 2.

3. Forankring

Planprosessen er utarbeida i planprogrammet for kommuneplanen, vedteke i Kommunestyremøte 074/14, 19. oktober 2017.

3.1. Lovgrunnlag

Nasjonale føringar

Plan og bygningslova legg rammer for kommuneplanarbeidet. Fleire føresegner i lova legg føringar for planprosessen når det gjeld både organisering av planarbeidet, samarbeid og deltaking, samt planhandsaming.

Utarbeiding av kommuneplan skal gjennomførast i tråd med plan- og bygningslova § 11-1:

«Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg frå statlige og regionale myndigheter til grunn.»

Plan- og bygningslova § 11-5 set krav om at alle kommunar skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk:

«Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det fremgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnende planer for arealbruk, er ivarettatt.»

Lova sitt kapittel 4 seier noko om generelle utgreiingskrav og kapittel 5 set krav om medverknad i planlegginga. Vidare finst det rammeverk for planlegginga i lovteksten for det einskilde plannivå, jf. Plan og bygningslova §§ 11-5 til 11-18, samt i forvaltingslova og offentleglova.

3.2. Medverknad

Det har vorte arrangert to dialogmøter mellom kommunen og ulike interessentar frå akvakulturnæringa og industrinæringa.

3.2.1. Akvakultur

Frå møtet med akvakulturnæringa kom det mellom anna følgjande tilbakemeldingar:

- Gyttefelt for torsk og område med ålegras er tilgjengelege eller under utarbeiding av HI. Desse bør vere med i vurderingane vidare.
- Område som er synt som Farleier kan kombinerast med akvakulturanlegg, men kvit sektor vil alltid vere avgrensande. Naudhamnene kan ikkje nyttast til akvakultur.
- Taredyrking krev store areal – gjerne 2-300 daa per anlegg. Markerast i ytterkantane, men ligg 1,5 til 2 m under vassoverflata. Kommunen oppmoda om også å tenkje samlokalisering av fisk- og tareoppdrett.
- Anleggsfortøyingar kan ved store djupner bli svært lange. Kommuneplanen bør utformast slik at ein gjennom kart- og tekstdel unngår behov for dispensasjonar på grunn av fortøyingane.
- Næringa ynskjer ikkje detaljerte vilkår til dei ulike akvakulturområda – vil ikkje ha «krav om reguleringsplanar i sjø».

Merknadane vert tekne med vidare, anten til denne rulleringa av arealplanen, eller til vidare handsaming av den Interkommunale planen for sjøområda.

3.2.2. Industri

Frå møtet med industrien vart følgjande tema trekt fram:

- Kommunen må vere framtidsretta i planlegging av utvikling av industri og ha klar tilgjengelege industriområde når behovet melder seg. Utviklinga skjer fort og området rundt Sløvåg/Skipavika er unikt med tanke på lokalisering og nærleiken til Mongstad.
- Fare for framtidige kryssande næringsinteresser må vurderast.
- Bustad -treng bustadar for å tiltrekke oss pendlarar, men unngår plassering for nær industrien for å unngå konflikt. Ynskjer at det skal vere enklare å etablere seg utanfor dei fire bygdesentera. Folk må sjølve få kunne bestemme kvar dei ynskjer å bu. Fleire gjennomgangsbustadar ulike stader i kommunen.
- Ynskjer etablering av sykkel- og gangsti i område for ny bustadbygging. Strekninga Steine-Sløvåg vart nemnt spesielt.

Den nye arealplanen søker å imøtekomme behova ved å trekke grensene for industriområdet lenger nord i Brandangersundet. Dette området skal settast av til utvikling av liknande industri- og kaiverksemd som er der i dag, eller næring som kan verte ein naturleg del av eksisterande etablert verksemd. Dette for å unngå konflikt. Kommunen ynskjer også å etterkomme næringane sine ynskjer om å finne eit erstatningsareal for akvakulturområdet på Storeneset for å unngå næringskonflikt.

Gjennom dei nye bustadområda som vert lagt inn i planen, legg kommunen til rette for å etablere fleire bustadar, også gjennomgangsbustadar. Ynskjer om at det skal verte enklare å etablere seg utanfor bygdesentera går imot overordna statlege planretningslinjer, men det er moglegheiter for dette ved å nytte seg av eksisterande områder for LNF spreidd bustad.

3.2.3. Ungdom, friluftsliv og anna

Det har også vorte arrangert opne bygdemøte med fokus på kartlegging av viktige areal for friluftsliv. Desse innspela er kartfesta og brukt som bakgrunn for gjennomgang av dei andre innspela. Ungdomsrådet har også vore med i denne kartlegginga.

Ungdomsrådet har også vore i Kommunestyret og presentert kva dei meiner er viktige satsingsområde for deira aldersgruppe, og desse innspela vert også tatt med vidare i planleggingsarbeidet i kommunen. Her vart møteplassar for ungdom og ynskje om basseng trekt fram.

Ettersom arbeidsperioden vart lengre enn planlagt, har også innspelsperioden vorte tilsvarende lengre, og me har haldt moglegheita for å komme med innspel utover den opphavelige fristen open.

Fordi dette er ei avgrensa rullering av arealplanen og fordi det vart utført ei veldig omfattande medverknadsprosess i førre rullering av arealplanen for berre 6 år sidan, konkluderte me med å fokusere på medverknad av dei mest relevante gruppene i høve arealplanen sine satsingsområde i denne rulleringa.

4. Skildring av kommuneplanen sin arealdel

4.1. Innhald

Kommunen er pålagt å ha ein arealplan som gjeld heile kommunen, og som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk (pbl. § 11-5). Kommuneplanen sin arealdel skal vise hovudtrekka i arealdisponeringa og gi rammer og føresegner for kva for nye tiltak og arealbruk som kan startast opp, samt sei noko om viktige omsyn som må takast vare på ved disponering av areala. Kommuneplanen sin arealdel skal omfatte plankart, føresegner og ei planskildring som viser korleis nasjonale mål og retningslinjer og overordna planar for arealbruk, er ivaretatt.

Arealplanen skal etter behov vise følgande arealføremål (pbl. 11-7):

- 1) Busetting og anlegg
- 2) Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur
- 3) Grønstruktur
- 4) Forsvaret
- 5) Landbruks-, natur- og friluftsføremål
- 6) Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

4.2. Rettsverknad

Kommuneplanen sin arealdel fastset framtidig arealbruk for området og er rettsleg bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak etter pbl. §11-16 (jf. pbl. §11-6). Det betyr at planen får juridiske konsekvensar for grunneigarar sin framtidige bruk av eigedommen. Godkjende reguleringsplanar gjeld framfor arealplanen (sjå planen sine føresegner).

4.3. Planområdet og hovudsatsingsområde for planen

Heile kommunen er omfatta av planrulleringa. Under er ei kort skildring av utvalde forhold i kommunen, for å betre knytte dagens situasjon saman med strategiar for vidare utvikling.

Gulen kommune ligg heilt sørvest i Sogn og Fjordane på grensa til Hordaland, mellom Sognefjorden og Fensfjorden. Rett over fjorden mot sør ligg Equinor Mongstad. Kommunen er elles avgrensa av Sognefjorden i nord, Nordsjøen i vest, og fjella i Stølsheimen i Høyanger og Masfjorden i aust og søraust.


Landarealet på 596 km² inneheld variert natur, med om lag 1 500 øyar, holmar og skjer. Fastlandet er prega av dalføre og fjordarmar. Spennet er stort - frå øyar ut mot Nordsjøen i vest, til frodige landbruksbygder og til fjella i aust.

Innbyggjartalet i Gulen ligg på rundt 2300 innbyggjarar, og i gjeldande samfunnsplan er det eit mål å auke dette opp til 2500. Innbyggjarane fordeler seg høvesvis jamt mellom dei fire skulekrinsane Brekke, Byrknes,

Dalsøyra, og kommunesenteret Eivindvik. Dei fire bygdesentera har kvar mellom 2-400 innbyggjarar, medan resten av innbyggjarane er fordelt i mindre grender og enkeltbustadar langs fjordar, på fjellet og på øyene.

Frå kommunegrensa i sør er reisetida i overkant av 1 time til Bergen, medan det tek ca. 1½ t å køyre til Bergen eller Førde frå Oppedal ferjekai nordaust i kommunen. Fylkesveg 57 er sambindingsvegen som går gjennom kommunen i vest, og E39 går gjennom kommunen i aust. Frå dei mest rurale områda i Gulen som ligg nordvest i kommunen, er reisetida til Bergen og Førde endå lenger.

Landskapet er typisk vestlandsk, med eit smalt belte med relativt flatt terreng langs fjordane og i dalbotnane, med bratte lier bakom. Det er mykje fjell i Gulen kommune, men fjella er ikkje så høge. Det høgste punktet er Svadfjellet på 878 moh. På øyane og i den ytre delen av fastlandet er landskapet meir flatt.



5. Rammer for arealplanen

5.1. Klima

5.1.1. Klimaendringar

Klimaendringane er ei global utfordring der verda vert varmare som fylgje av drivhuseffekten. Aukande utslepp av CO₂ og andre klimagassar frå industri, jordbruk, transport, kraftproduksjon, m.m. har ført til at atmosfæren sitt innhald av CO₂ er høgare enn nokon gong.

Klimaendringar gir kommunane nye utfordringar i arbeidet med samfunnstryggleik. FN sitt berekraftsmål nr. 13 seier at me skal jobbe for å stoppe klimaendringane. Dette kan kommunen gjere mellom anna ved å redusere klimagassutsleppa. Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing seier at kommunen skal nytte rolla som lokal planmynde til å redusere klimagassutslepp og auke miljøvennleg energiomlegging, jf. §1. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019), forventar regjeringa at kommunane skal kartlegge områder som er sårbare for klimaendringar og

utarbeider ROS-analyser som vurderer konsekvensar av klimaendringar. Det skal visast stor aktsemd med å planleggje for utbygging i fareområder og andre områder som kan verte negativt råka av klimaendringar. Kommunane skal vidare leggje vekt på å redusere faren for tap av menneskeliv, samt førebyggje skader på bygningar, infrastruktur, natur, kulturmiljø og kulturminne. Klimaprofilen for Sogn og Fjordane som er utarbeidd av Norsk klimaservicesenter gir nyttig informasjon om korleis klimaendringane vil påverke kommunen. Denne er brukt i konsekvensutgreiing og ROS-analysen.

Dei nasjonale utsleppsmåla legg opp til ein reduksjon på 40% innan 2030. Klimagassutsleppa til Gulen var på 164 245 tonn CO₂-ekvivalentar i 2020, opp 40,4% frå utsleppa i 2019. Nær 90% av utsleppa kjem frå sjøfart, spesielt offshore serviceskip, offshore supply skip, passasjerfart, samt frå samlekategorien «andre aktivitetar sjøfart». Utsleppa til kommunen ligg langt over kommunane rundt oss, og ut ifrå sektoren som utsleppa kjem ifrå, er det naturleg å tenke at det har ein samanheng med utviklinga som har skjedd i industrien i ytre deler av kommunen. I og med at utsleppstala er så høge, både i seg sjølv og samanlikna med nabokommunane våre, er det behov for å analysere desse nøyare. I samband med revisjon av samfunnsplanen skal det utarbeidast ei eiga klima- og energiutgreiing som skal sjå nærare på desse problemstillingane. I samband med dette arbeidet vil ein også sjå nærare på utsleppsreducerande tiltak, som til dømes større satsing på elbilar, utbygging av ladepunkt, oppgradert energistandard i kommunale bygg og å stille krav til utsleppsfri varelevering og transporttenester når det er mogleg.

5.1.2. Klimatilpassing

Kommuneplanen sin arealdel skal ivareta omsynet til eit klima i endring gjennom å førebyggje negative konsekvensar ved disponering av areala. Kommunane skal i dette arbeidet ha oversikt over risiko- og sårbarheitsforhold, her under behov for klimatilpassing, jf. pbl. § 4-3. Dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing seier også at planlegging skal bidra til at samfunnet vert førebudd på og tilpassa klimaendringane, jf. §1 i retningslinjene.

Kommunen er etter plan- og bygningslova også ansvarleg for at naturfarer vert vurdert og tatt tilstrekkeleg omsyn til i samfunns- og arealplanlegging, samt byggesakshandsaming. For at kommunen skal kunne utføre oppgåvene sine på ein måte som sikrar robuste og berekraftige lokalsamfunn i framtida, er det nødvendig at omsynet til eit endra klima vert ein integrert del av dei kommunale ansvarsområda. Dette betyr at kommunen må vurdere kva for konsekvensar både dagens og framtidens klima kan få, og at dette omsynet vert vurdert på lik linje med andre omsyn i kommunal planlegging.

I kommunen sin arealplan er det lagt inn omsynssoner for mellom anna aktsemdsområder for steinsprang, jord- og flomskred og rasfare som skal sikre at arealplanlegginga tek omsyn til eit mildare og våtare klima. Innanfor desse områda er det krav til reguleringsplan og særskild kartlegging. Planen har også føresegner som tek omsyn til venta havnivåstiging og angir byggjegrænse ved sjø til minimum kote 3.

Bustadområder er ikkje lagt i skredfarlegele områder, og spreidd bygging i LNF som låg i skredområder er i stor grad tatt ut av planen eller området er tilpassa skredfaren. Byggjegrænse til elver og vassdrag er auka, og vert no vurdert opp mot nedbørsfelt.

Det vert også stilt krav om dokumentasjon til sikker utbygging ved t.d. geologirapport for dei områda som kjem inn under aktsemdsområde i NVE sine kart. Dette vert strengt følgt opp i sakshandsaminga både på plan og byggesak. I nye reguleringsplanar vert det kravd eigen rammeplan for vatn og avløp, som mellom anna også sikrar god handtering av overvatn. Det er ikkje utarbeidd eige faresonekart for Gulen, men dette er noko me ynskjer å få utført.

Føre-var-prinsippet

I stortingsmeldinga «Klimatilpassing i Norge», står det at føre-var-prinsippet er eit viktig grunnlag for kommunane si tilpassing til klimaendringane. Høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar bør difor

leggjast til grunn når konsekvensane av klimaendringane vert vurdert. Vektlegging av klimaendringane skal balanserast opp mot andre viktige samfunnsomsyn i kvar enkelt sak.

5.1.3. Vindkraft

NVE gav konsesjon til utbygging av vindkraftverk på Dalsbotnfjellet. Denne konsesjonen påklaga Gulen kommune i 2013, og 23. juni 2021 tok Olje- og energidepartementet klaga til følgje.

I Gulen kommune har kommunestyret ved fleire høver gitt uttrykk for at dei er imot utbygging av vindkraftanlegg som påverkar urørt natur, friluftsliv, naturmangfald, og landskapsbiletet i fjella våre. I Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane, og i framlegg til Nasjonal ramme for vindkraft vart Gulen kommune vurdert som eit område med lågt konfliktnivå når det kjem til temaene landskap, kulturminner, inngrepsfrie naturområder, friluftsliv, biologisk mangfald og landbruk. Dette er Gulen kommune sterkt ueinig i, og det er det gitt klart uttrykk for både gjennom klaga på konsesjonen til vindkraftanlegg på Dalsbotn, og til innspelet som kommunen sendte til Nasjonal ramme for vindkraft.

Omsynet til friluftsliv

Gulen kommune har eit aktivt friluftsliv med fire idrettslag med turgrupper, samt at me er ein del av Ytre Sogn Turlag med eiga Barnas Turlag gruppe. Me har eit stort stinett med tilrettelagte turstiar i ulike vanskelegheitsgrader og natur og friluftsliv er ein viktig fritidsaktivitet for mange av dei som bur her.

Nær tilgang til friluftsliv og urørt natur er for mange, og spesielt unge tilflyttarar, sjølv hovudårsaka til at dei vel å bu her. Urørt natur, stillheit og ro er ein kvalitet dei har valt å sette over bylivet sine tilbod. Friluftslivet i urørt natur er kjelde til fysisk og psykisk helse. Å opne opp for utbygging av vindturbinar i kommunen sine friluftsområde vil difor vere svært øydeleggjande for mange av innbyggjarane i kommunen.

Utøving av jakt og fiske er også populære fritidsaktivitetar i Gulen. Utbygging av vindkraftanlegg vil påverke moglegheitene for denne typen aktivitetar negativt. Fleire av friluftsjansjone har kome med uttale der dei stiller seg negative til utbygging av vindkraftanlegg i fjellet.

Omsynet til kulturminne og kulturlandskap

I St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand står det at kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistorie og estetiske verdiar, opplevingsverdiar, biologisk mangfald og tilgjengelegheit vert oppretthaldt. Med utgangspunkt i lokal kjennskap kan me konstatere at det er viktige kulturminne og kulturlandskap i Gulen som vil verte øydelagde ved ei eventuell utbygging av vindparkar. Ein kulturmiljøplan er utarbeidd for kommunen og den skal vedtakast hausten 2021. Fleire av kulturminna i denne planen vil verte negativt påverka av vindkraftutbygging.

Gulatinget

I Gulen finn me opphavet til Gulatingslova og den autentiske tingstaden der Gulatinget vart halde. Gulatinget var truleg skipa av kong Harald Hårfagre og var det største lagtinget i Noreg frå 900 til 1300 A.D. Tinget var lovgjevande, utøvande og dømmende makt, der lovområdet femna heile kysten, samt Hallingdal, Setesdal og Valdres. Gulen kommune har i fleire år jobba målretta med å utvikle Gulatinget med tingstaden og området rundt som kulturminneattraksjon og reiselivsdestinasjon. Når det er vikingtida og historia rundt denne som er attraksjonsmomentet, vil det vere øydeleggjande for opplevinga at fjellområda rundt er utbygde med store vindmølleparkar.

I AMBIO Miljørådgivning sin fagrapport «Konsekvenser for landskap» som vart utarbeidd for Zephyr som del av konsesjonssøknad om utbygging av Dalsbotnfjellet vindkraftverk, er Gulatinget berre nemnt som del av ei oppsummering i ein tabell. Det verkar då tydeleg at viktigheita av Gulatinget, både lokalt, regionalt og nasjonalt ikkje har kome tydeleg fram.

Stølsområde

Gulen, og også deler av Nordhordland, har eit heilt unikt omfang av steinbygningar der det har vorte brukt avansert tørrmuring som byggeskikk. Nokre av murkonstruksjonane og bygningane er rekna å vere blant

dei mest avanserte og beste murarbeid som finst i dei norske bygdene. Mange av desse steinbygningane finn me som stølar på fjellet, og fleire av desse er i aktiv bruk i dag. Å få nærområda til desse stølane utbygde med vindkraftverk vil heilt klart forringe både verdien av stølmiljøa og opplevinga av å bruke dei.

Den Trondhjemske Postveg

I Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminne er det valt ut tre vegstrekningar i vest som skal stå som representantar for Den Trondhjemske postveg. Saman skal dei syna både utforming, byggemetodar og ulike landskapstypar som vegen går gjennom. I Sogn og Fjordane fall valet på strekninga Halsvik til Rutledal i Gulen kommune. Dette vegstrekket vart freda i 2009 og strekninga er no tilrettelagt som turveg. Dalsbotn, der det er søkt om konsesjon, ligg på same høgda som postvegen går over. Utbygging av vindkraft i områda rundt postvegen vil forringe turopplevinga av å besøke vegen.

Andre kulturminne

Ved handsaming av konsesjonssøknaden på Dalsbotnfjellet vart det understreka av Fylkeskommunen og gjennom private innspel at det ikkje er søkt etter kulturminne i deler av området. Fylkeskommunen framheva at det er potensiale for funn av automatisk freda kulturminne knytt til utmarksressursar, og at sjølv om utbygging av vindkraft ikkje rører ved automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne direkte, vil utbygging av vindkraftanlegg gje visuelle verknadar på kulturminne og kulturmiljø som vil verke negative.

Omsynet til reiseliv

Sognefjorden er verdas lengste isfrie fjord og har alltid hatt ein spesielt viktig posisjon som eit av Noregs fremste reisemål. Sognefjorden er også ein svært internasjonal destinasjon. Over 60 prosent av kommersielle gjestedøgn er utanlandske, noko som er langt meir enn det nasjonale gjennomsnittet på rundt ein tredjedel, og også meir enn dei andre vestlandsfjordane.

Sognefjorden er eit av områda som vil verte mest visuelt påverka av utbygging av vindturbinar i Ytre Sogn. Dette vil medføre at landskapskarakteren langs fjorden og innseglinga til Sognefjorden vert endra frå ubrote fjellrekker til å innehalde tekniske inngrep, i praksis industriområde. Vindkraftverk vil medføre negative visuelle verknadar i forhold til nærliggande områder og det viktige regionale og nasjonale referanseområdet som Sognefjorden er i seg sjølv. Påverknad på landskapskarakteren er vurdert som stor negativ, og eventuelle vindparkutbyggingar vil kunne få store negative konsekvensar for landskapet. Dette synet er støtta av AMBIO Miljørådgiving, men er i samband med konsesjonssøknad på Dalsbotnfjellet ikkje tatt omsyn til av Zephyr som på trass av rapporten påstår at verknadane ved innseglinga til Sognefjorden vil vere ubetydelege.

NHO Reiseliv viser også til Sognefjorden som ein internasjonal reisedestinasjon, og påpeikar at 85% av utanlandske turistar seier at å oppleve fjordane er svært viktig for norgesferien. Dei visuelle verknadane ved innseglinga til Sognefjorden vil vere negative ettersom vindturbinane vil vere godt synlege frå både skip som går inn og ut av fjorden og svekke inntrykket av urørt natur. NHO Reiseliv har gått gjennom konsesjonssøknadar og vurderingar frå NVE og er av den oppfatning at lokaldemokratiet sine innvendingar og reiselivsnæringa sine behov for at ikoniske reiselivsdestinasjonar vert ivaretatt, vert handsama svært lettvis av NVE. Dette støttar Gulen kommune opp under. NVE har ikkje teke til seg viktigheita av Sognefjorden, med ei urørt innsegling, som reiselivsdestinasjon og verdiskapar.

Omsynet til inngrepsfrie naturområde (INON)

I St.meld. nr. 1 (2004-2005) frå Miljøverndepartementet er inngrepsfrie naturområde (INON) ført opp som eige arbeidsmål: «Sikre at attverande naturområde med urørt preg blir tekne vare på». I Gulen er areal med store, samanhengande områder utan inngrep sterkt redusert dei siste tiåra, på linje med store deler av resten av landet.

Dei områda som i praksis vil vere aktuelle for utbygging av vindkraft, ligg dei få resterande INON-områda som er igjen i kommunen. Å sikre at desse områda ikkje vert utbygd er viktig både for å sikre biologisk mangfald, og for å ivareta føremålet i friluftslova. Riksrevisjonen har ved fleire høver (2007 og 2011) påpeika at dagens arealforvaltning bidreg til nedbygging av område som skal takast vare på.

Då er det naturleg at kommunen som ansvarlege for arealforvaltninga vert høyrd av NVE når me prøver å forvalte arealet i tråd med dei statlege retningslinjene som er lagt.

Omsynet til landskapet

Konsekvensane for landskapet er nært knytt til kor synlege turbinane vert, og kor store inngrep som må gjerast i naturen med tanke på tilkomstveggar og oppsettingsplassar rundt turbinane, samt leidningsnett. Ved konsekvensutgreiinga som vart gjort i samband med konsesjonssøknadane for Brosviksåta, Sandøy og Dalsbotnfjellet, vart det slått fast at utbygginga ville ha store negative konsekvensar for fleire av områda som då ville verte påverka av utbygging. Dei andre få middels negative konsekvensar.

I dag er turbinane betrakteleg høgare enn det det vart søkt om i første konsesjonsrunde, og dette tilseier at konsekvensane for landskapet er betydeleg større no. Utbygging av vindkraft i Gulen vil få store negative konsekvensar for landskapet.

Omsynet til biologisk mangfald

Nyare forskning slår fast at det å oppretthalde biologisk mangfald er like viktig som å redusere klimagassutslepp dersom me skal nå FN sine berekraftsmål. Artar er avhengige av kvarandre, og dersom me mister ein art kan heile næringskjeder verte øydelagde. For kvar art som vert utrydda, svekker ein samanhengane i naturen som me er avhengige av for mat og utvikling. Artsmangfaldet, både når det gjeld naturtypar, fugl og vilt er stort i Gulen. Norsk Ornitologisk Forening, avd. Hordaland og avd. Sogn og Fjordane, har uttala at det er mangelfull ornitologisk kunnskap om området, og det vert av fleire naturvernorganisasjonar hevda at trugselen som vindturbinar har for fugl og dyr vert bagatellisert.

Kongeørn og havørn

Det er kjent at store rovfuglar som kongeørn og havørn har relativt stor kollisjonsrisiko med vindturbinar. Dette er m.a. vist for havørn på Smøla der det frå 2005 til og med 2010 er funne 39 kollisjonsdrepne havørner. Dette betyr i gjennomsnitt 7,8 drepne ørnar/år eller 0,11 ørnar/turbin/år. Det er registrert havørn fleire stader i kommunen, og det utgjer også ein viktig del av eit kongeørnterritorium. For kongeørn vil både anleggs- og driftsfasen medføre uønska forstyrringar og kollisjonsrisiko. Vindkraftanlegg er vurdert å ha stor negativ konsekvens for ørn.

Andre fugleartar

Både storlom og smålom hekkar i vatna i planområdet for Dalsbotnfjellet. Desse artane er sårbare for inngrep som ei eventuell utbygging vil medføre, og det er vurdert som svært sannsynleg at lommene kan gi opp planområdet som hekkeområde. Utbygging av vindkraft vil difor ha stor negativ konsekvens for desse artane. Generelt er utbygging av vindkraftanlegg vurdert til å ha stor negativ konsekvens for artane over, og middels/lite negativ konsekvens for artar som rype, andefuglar, strandsnipe og ulike vader for utbygging på Dalsbotnfjellet. (Jfr. Konsekvenser for biologisk mangfold ved utbygging av Dalsbotnfjellet vindkraftverk, Gulen kommune, AMBIO Miljørådgivning, 2011).

Samla konsekvens for planområdet som gjeld Dalsbotnfjellet er at artsmangfaldet vil endrast, og at levevilkåra til fleire artar vil forringast. Verknadsomfanget er difor vurdert eksternt til å vere middels/stort negativ. Det er naturleg å leggje til grunn at ein vil komme til liknande resultat for andre områder som vil vere aktuelle for utbygging i kommunen.

Naturtypar

Gulen kommune har naturtypar som er representative for Vestlandet, og med stor variasjon frå fjell til fjord frå aust til vest. Direkte arealbeslag som følgje av vindkraftutbygging vil kunne føre til fragmentering av naturtypar og vegetasjon. Vegnett og andre inngrep vil i praksis fungere som barriere slik at artar som har

vanskeleg for å spreie seg risikerer å verte isolert. Dette vil føre til at førekomstar av vanlege artar vil få redusert populasjon, og artar som førekjem berre på avgrensa areal i utbyggingsområdet vil risikere å forsvinne.

I dei områda det vil vere nødvendig å grøfte, vil forholda for vegetasjon kunne verte påverka i stor avstand frå tiltaket. Etablering av vegar i skråande terreng og andre inngrep vil føre til drenering, som vil kunne redusere førekomst av fuktigheitskrevjande plantar, og føre til endringar i artssamansettinga i det påverka området. Det vil også i nokre tilfelle vere sannsynleg at slik drenering vil kunne føre til ureining av drikkevasskjelder.

Auka ferdsel i utbyggingsområdet vil kunne føre til auka slitasje på vegetasjon, og samla sett vil utbygging av vindkraft føre til negative effektar på eit område med representative natur- og vegetasjonstypar for denne landsdelen. Gulen kommune meiner at den samla negative påverknaden på det biologiske mangfaldet og naturtypar ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til av NVE.

Omsynet til lokaldemokratiet

Gulen kommune har ved fleire høve sagt nei til konsesjonssøknadar knytt til vindkraft. Dette gjeld både konsesjonssøknadane på Setenesfjellet i 2008, på Sandøy og Dalsbotnfjellet i 2012, samt klage på NVE sin konsesjonssøknad på Dalsbotnfjellet. Kommunen var positiv til utbygging på Brosviksåta, hovudsakleg for å ha ein viss kontroll over utbygginga. Avgjerande grunnar for det var at det var semje mellom grunneigarane, og området hadde allereie naturinngrep.

Kommunen si haldning dei siste 10 åra har vore at utbygging av vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensiale ikkje kan akseptast. Samlokalisering med industriutbygging, og liknande, skal telje positivt ved vurdering av vindkraftprosjekt. Vidare er det lagt til grunn at lokalisering av vindkraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, mv.).

Kommunen er ikkje prinsipielt imot utbygging av vindkraft på land, men meiner at der kommune/grunneigarar er imot eit prosjekt så må det vere avgjerande i ei sak. Gulen kommune har opna opp for at det kan byggjast vindmøller i tilknytning til eksisterande industriområde. Det har heile tida vore signalisert tydeleg frå NVE at det ikkje skal verte gitt konsesjon til utbygging i vindkraftverk i områder der det ikkje er lokal oppslutnad om prosjekta. I sak om utbygging av Dalsbotnfjellet opplevde Gulen kommune at innspel og politiske vedtak ikkje vart teke omsyn til. Mange bygder opplevde det som ei stor påkjenning å kjempe ein kamp mot vindmøller i nær 10 år. Kommunen ser at engasjementet mot utbygging likevel er større enn nokon gong, slik det vart tydeleg demonstrert då Olje- og Energidepartementet var på synfaring i samband med klagen på konsesjonssøknaden på Dalsbotnfjellet. Gulen kommune meiner at dersom lokaldemokratiet skal ha verdi, må nasjonale myndigheiter ta omsyn til kommunane sine synspunkt om eiga arealdisponering.

5.2. Risiko- og sårbarheitsanalyse

Det er eit krav at kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. mellom anna pbl. §3-1 bokstav f, g og h. På bakgrunn av dette stiller pbl. § 4-3 difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har kan påverke om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. For andre typar risiko er det kommunen sjølv som har ansvar for å gjere greie for akseptabel risiko. I arbeidet med arealplanen er gjennomført ROS-analyse for all ny arealbruk i kommuneplanen. Kommunen si overordna ROS-vurdering og dei vedtekte akseptkriteria for risiko er lagt til grunn, samt at sektormyndene sine kartleggingar er nytta i vurderinga. Det same er kommunale/regionale kartleggingar og lokal kunnskap.

ROS-analysen ligg ved som eit eige dokument saman med konsekvensutgreiinga. I tillegg er det lagt inn oppdaterte omsynssoner i plankartet med tilhøyrande føresegner for å redusere ulike typar risiko. I tråd med gjeldande rundskriv «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» og rettleiaren «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» er kartlegginga gjort på aktsemdsnivå. Det vert stilt krav i føresegnene om at farenivå skal utgreiast i samband med detaljregulering.

5.2.1. Støysone (H200)

Det er lagt inn støysone i kartet langs hovudvegar. Det er også lagt inn omsynsone for støy rundt eksisterande næringsverksemd der me veit at støy kan vere ei utfordring, jf. område I01, I04, I05, I06 OG MU02. Dette har det vore teke omsyn til i konsekvensutgreiinga. I føresegnene er det stilt krav til nærare vurdering av støy før vidare utbygging kan skje.

5.2.2. Naturfare -ras, skred, flaum og stormflo (H300)

Det er ikkje utført ei heilskapleg skredfarekartlegging i kommunen på trass av at me har mange aktsemdsområder for ras- og skredfare, også tett inntil bustadområde. I den overordna ROS analysen til kommunen vert det sagt at dette er noko ein bør prioritere. Omsynsone for ras, skred, flaum og erosjon tek utgangspunkt i NVE sine aktsemdskart for naturfare. Me har også gode rutinar for å be om fagkunnig vurdering i sakshandsaminga av konkrete tiltak der kartlegging ikkje er gjort.

Flaum og stormflo er mest aktuelt i dei ytre delane av kommunen, samt i nokre elveleie i indre deler. Det er utført fleire utbetringar av erosjonsfare i dei mest utsette elvene dei siste åra.

For nye planar og tiltak vert nivå for stormflo sett til kote 3,6 (NN2000) for øyane og kote 3,0 (NN2000) for resten av kommunen. Desse kotehøgde er førande, og kan fråvikast i den einskilde plansak/byggesak dersom det vert dokumentert at andre verdiar kan leggjast til grunn. Det skal då gå fram av saka kva høgde som er lagt til grunn for dei einskilde tryggleiksklassane i TEK17.

Ved berekning av stormflo-nivå er det 95-persentilen for år 2100 i RCP8.5 senarioet som skal leggjast til grunn. Planerte flater og kaier må etablerast på ein slik måte at toppnivå kan hevast i takt med nivå for havstigning om nødvendig. Det må takast omsyn til havnivåstiging ved plassering av tekniske installasjonar.

Stormflo skal reknast ut i frå følgjande formel: Stormflo = Returnivå for stormflo + Havnivåstigning 95 persentil – korreksjon for NN2000 +signifikant bølgehøgde.

Sikkerheitsklasse 1/F1 kotehøgde frå 209cm moh,

Sikkerheitsklasse 2/F2 kotehøgde frå 223cm moh,

Sikkerheitsklasse 3/F3 kotehøgde frå 229cm moh.

Bølgepåslag skal medreknast på kotehøgde for bygging i sjøkanten. Kotehøgda for havnivåstigning + bølgepåslag. Ein brukar lokal kunnskap om området for vær, vind, erfaringar og skjønn for å berekne bølgepåslaget. Bølgepåslaget kan variere frå minimum 10-15cm til 100cm eller meir ut i frå geografien til området.

5.2.3. Kvikkleire

I etterkant av fleire kvikkleireskred siste åra har det vorte stor fokus på kartlegging av fareområder for kvikkleire landet rundt. Kvikkleire vert danna på stader der landet som ein gang var havbotn, men som seinare har stege etter kvart som isen frå istida smelta. Det finst ikkje ei slik kartlegging for Gulen kommune utført av NVE. Ein måte å vurdere risikoen for kvikkleireskred er å kartlegge kva deler av kommunen som har lagt under marin grense. NGU har kart som viser kvar denne grensa går, og der det kan vere moglegheiter for marin leire. I Gulen kommune er det deler av øyene i dei ytre områda av kommunen som ligg under grensa for tidlegare havdekte områder. Nasjonal lausmassedatabase viser at desse områda i all hovudsak består av bart fjell utan lausmasser. Nokre få stader er det usamanhengande og tynne dekker av

morenemateriale over berggrunnen. Basert på desse karta og på lokal kjennskap i området, meiner me at det er lita fare for kvikkleireskred i Gulen.

5.2.4. Storulukke

Ei storulukkeverksemd er ei offentleg eller privat verksemd der ein behandlar eller oppbevarer farlege kjemikaliar som overstig grenseverdiane gitt i vedlegg til storulykkeforskrifta. Dersom ei ulykke finn stad vil konsekvensane ha potensiale til store skadar på helse, miljø og nærliggande infrastruktur. Av den grunn er det viktig å kartlegge og sikre dei fareutsette områda i arealplan.

Artikkel 13 i Seveso III direktivet (Direktiv 2012/18/EU) krev at myndigheitene i arealplanlegginga skal ivareta eit langsiktig behov for å oppretthalde eigna avstand mellom storulykkeverksemdar og bustadområde, bygg og område med offentleg ferdsel, sårbare naturområde, friluftsområde mv.

Ifølgje plan- og bygningsloven skal «Kommuneplanens arealdel i nødvendig utstrekning vise omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av areal» (§ 11-8). Kommunen må vurdere kva verkemiddel som skal brukast for å følgje opp dette i arealdelen til kommuneplanen. Dei viktigaste verkemidla kommunen har til rådvelde er bruk av arealformål, omsynssoner og planføresegner. Detaljerte kart over og informasjon om storulykkeverksemdar er unntatt offentlegheit av tryggleiksomsyn.

I kommunen sin arealplan er det lagt inn omsynssoner for brann- og eksplosjonsfare (H350) rundt storulukkeverksemdene våre. Desse er delt inn i indre og ytre omsynssone med tilhøyrande føresegnar. Kommunen sine storulukkeverksemdar ligg i regulerte områder og omkringliggende områder er sjø og LNF. Me har vurdert det slik at det ikkje er behov for ytterlegare buffersone rundt næringsområdet utover dette.

5.3. Natur og landskap

Ein av oppgåvene til kommunen i arealplanlegginga, er å sikre at jordressursar og kvalitetar i landskapet vert tatt vare på, samt å verne verdifulle landskap og kulturmiljø, jf. pbl. § 3-1, 1. ledd, bokstav b. Me er også forplikta til å ta vare på landskapet vårt etter den Europeiske Landskapskonvensjonen.

Omsyn til bruk og vern av naturen, inkludert biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald og økologiske prosessar, er lovfesta i naturmangfaldlova, jf. § 1. Fylkesdelplan for arealbruk for Sogn og Fjordane (vedteken 2000) er gjeldande regionale retningslinjer for arealplanlegginga og sjekklista er teke omsyn til spesielt ved bruk av kart i konsekvensutgreiinga. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 slår fast at kommunen skal planlegge langsiktig for å sikre verdiane knytt til våre store natur-, friluftslivs-, landskaps- og kulturminneverdiar.

Gulen kommune har ein spanande og variert natur med høge fjell og fjordlandskap i aust til øyer, holmar og skjær i vest. Rapporten «Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Gulen kommune» skildrar kulturlandskapet i kommunen. På øyene er kulturlandskapet ope og dominert av lyngheiar og vide torvmyrer. Øyene er skilde av osar og sund, og i dei lune vikene ligg det ofte mindre gardsklynger frå gamalt av. Busetnaden er spreidd, og mange av øyene er ubudde. Fiske- og handelsverksemd har sett spor i naust- og sjøbumiljøa, samt i restane etter fleire handels- og gjestgiveri. Øyriket vert sett på som ein feriedyll for båtturistar og kajakkpadlarar, og det er mange som har hytte i Gulen.

Litt inn frå kysten er landskapet kupert og oppdelt av fjordarmar, mindre dalføre og små tjern og innsjøar. Busetnaden fylgjer fjordane og dalføra, og byggeskikken med steinveggar og steingardar er framtrekande.

Dei deler av kommunen som vender mot Sognefjorden er prega av breforma dalar og steil fjordsider. Mange av dalbotnane er vide og flate med oppdyrka mark, og busetnaden ligg langs lia i mindre bygder og tun. Her er det vegetasjon bestående av lauvskog og granskog. I området frå Rutle, mot Dingja er det meir furu.


Både på dei høgste fjelltoppane og ute på øyene er det fleire inngrepsfrie områder (INON). Dette er områder som ligg minst 1 km i luftlinje vekk frå tyngre tekniske inngrep, slik som vegar, større kraftlinjer, vassdragsinngrep og liknande. Bortfall av INON-områder mellom 2013-2018 var 350 m².

Det finst åtte naturområde i Gulen som er verna i medhald av naturmangfaldlova. Dette gjeld naturområde som er av spesiell verdi for artar, eller er relativt urørte og såleis viktige å ta vare på. Desse er:

- Ramsbarden sjøfuglreservat
- Kvernøyana sjøfuglreservat
- Sogneoksen sjøfuglreservat
- Guleskjeret sjøfuglreservat
- Grima naturreservat
- Lihellene naturreservat
- Vassøyane naturreservat
- Stemnebøskogen naturreservat

I tillegg har me to områder som er dekkja av verneplan for vassdrag. Desse er Dingja og Yndesdalsvassdraget.

Dei viktigaste naturområda i kommunen er vist i kartet nedanfor. Alle desse områda er det tatt ekstra omsyn til i konsekvensutgreiinga i den nye arealplanen.



DOK Viktige naturtypar (DN-handbok 13)

- A - Særs viktig
- B - Viktig
- C - Lokalt viktig
- Naturreservat
- Frivillig skogvern

DOK Verneplan for vassdrag

- Verneplan for vassdrag

Inngrepsfrie områder - status 2018

- ≥5 km fra inngrep (villmarksprega natur)
- 3 - 5 km fra inngrep (sone 1)
- 1 - 3 km fra inngrep (sone 2)



5.4. Kulturminne, friluftsliv og folkehelse

5.4.1. Kulturminne

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019-2023) legg vekt på at kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som kan gje grunnlag for økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig utvikling. Gjenbruk av historisk bygningsmasse kan i tillegg gje klimagevinstar. Arealendringar og endra bruk av bygningar er av dei faktorane som i størst grad er med på å påverke kulturminne og kulturmiljø. Det er difor viktig at kommunen tek ei viktig rolle i å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og gjenbruk.

Gulen har kulturminne som går langt tilbake i tid, og som er av både nasjonal, regional og lokal verdi. Det er nyleg utarbeidd ein kulturmiljøplan som framhevar Gulen sine viktigaste kulturminne og kulturmiljø. Planen vert vedteke i løpet av hausten 2021 og har som overordna mål å skape eit medvite tilhøve til kva me i Gulen synest er viktigast å ta vare på av kulturminna våre. Dei overordna tema i planen er Gulatinget, fiskarbondelivet, kyrkje og embetsmenn, næringsvegar, krig og okkupasjon og kommunikasjon og samferdsle. Planen har også fokus på den særskilte byggeskikken i Gulen med bruk av tørrmuring med stein i veggjar på både hus, lører og naust. I landskapet finn me kulturmiljøa og kulturminna igjen mellom anna i dei gamle stølsmiljøa, Den Trondhjemske Postveg, restane etter tyske bunkersar frå krigen, bedehus, kulturminna knytt til Gulatinget, og restane etter fleire husmannsplassar og kaier. Dei registrerte kulturminna er endå ikkje kartfesta i eit eige kartgrunnlag, men dei er likevel teke omsyn til i konsekvensutgreiinga i denne planen. Kartfesting av kulturmiljøa er eit av dei prioriterte tiltaka i handlingsprogrammet. Når den jobben er gjort, må det kartlaget takast med ved neste revisjon av arealplanen. Det er også teke omsyn til registreringar gjort i kulturminnesok.no og i askeladden.re.no.

Vestland Fylkeskommune meiner likevel at det er store funnpotensial utover det som allereie er automatisk freda knytt til gardsdrift dei siste 4000 år. Dei ynskjer difor å få alle arealplanar og søknadar om tiltak i LNF spreidd bygging på høyring.

5.4.2. Friluftsliv og folkehelse

Den spanande naturen i Gulen gir grunnlag for eit variert friluftsliv både til sjøs og til fjells. Det er over 100 merka og tilrettelagde turløyper spreidd rundt i heile kommunen, og friluftslivet er viktige kjelder til trivsel og folkehelse, både for innbyggjarar og tilreisande.

Gulen sin kommunale plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart revidert i 2019. I den vert det slått fast at anleggsutviklinga i kommunen skal skje gjennom nærmiljøanlegga ved oppvekstsentera våre. Det har vorte gjort store utbetringar av uteområda ved alle fire oppvekstsenter dei siste åra, og det er ikkje behov for å sette av meir areal til dette i gjeldande rullering av arealplanen. Planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv seier også at nye, tilrettelagte turløyper bør ligge i tilknytning til bustadområde og områder der folk oppheld seg. Utbetring av gang- og sykkelvegar med lys er også nemnt som eit viktig folkehelseiltak. Dette er det teke omsyn til i bygdesentera i arealplanen.

Det er gjort ei kartlegging av viktige friluftsområde i samarbeid med lokale lag, organisasjonar og innbyggjarar. Desse områda er kartfesta og teke omsyn til i arealplanen si konsekvensutgreiing.

Det er utarbeida eit grunnlagsdokument for folkehelsa i kommunen i 2019. I samband med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel som vart starta opp vinteren 2020/21 vert det gjort ei oppdatering av denne og utarbeidd ein kortversjon som skal rullerast årleg. Det vert jobba med å implementere folkehelse og Leve heile livet i det overordna planarbeidet i kommunen og på denne måten sikre at dette vert gjennomgåande, tverrfaglege satsingar i det kommunale planarbeidet. I arealplanen ser me desse

satsingane igjen mellom anna i omsynet til natur og friluftsliv i eigne omsynssoner, samt i fokuset på å leggje til rette for ein aldersvennleg sentrumstruktur med variert bustadtilbod og møteplassar som oppmodar til sosial og fysisk aktivitet.

5.5. Strandsonevern

Byggjeforbodet i strandsona går fram av pbl. § 1-8 og gjeld tiltak etter § 1-6 med unntak av fasadeendring. Dette betyr at i 100-meter beltet langs sjøen, eller langs fastsett byggjegrænse langs sjø der det finst, er oppføring, riving, endring, endra bruk, og andre tiltak knytt til bygningar, konstruksjonar og anlegg, samt terrengingrep eller oppretting og endring av eigedom forbode.

I kommuneplanen sin arealdel kan kommunen gi føresegner som tillét visse tiltak i strandsona, jf. pbl. § 11-11 nr. 4. Dette gjeld berre nødvendige bygningar, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikte på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs, jf. § 11-7 nr 5 og 6.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen deler kommunane inn i tre soner basert på grad av utbyggingspress og tilgjengeleg areal. Gulen kommune er i område tre, som betyr at me har lite utbyggingspress og stort tilgjengeleg areal. Det betyr at me står friare til å godkjenne ny utbygging enn i kommunar med større press og mindre tilgjengeleg areal.

Det er likevel omsynet til natur- og kulturmiljø, friluftsliv og andre allmenne interesser som skal vere førande i strandsona. I saker der det vert søkt om dispensasjon frå strandsonevernet er det desse omsyna som skal vernast. I tillegg skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, jordvern, tryggleik og tilgjengelegheit, jf. pbl. § 19-2, 3. ledd.

Innanfor naturmangfald er det tre miljømål som alle er relevante for strandsona:

- Økosystem skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua naturtypar skal betrast.
- Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for komande generasjonar.

Frå dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging går det også fram at regjeringa forventar at kommunane tek vare på naturverdiane og legg til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile befolkninga. Dette kan gjerast t.d. ved å sikre samanhengande grønne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til områder for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.

5.6. Samferdsel

5.6.1. Veg

Nord-sør går E39 gjennom den austlege delen av kommunen, frå Oppedal ferjekai til Masfjorden si grense ved Kringla, og FV 57 går mellom ferjekaiane på Rutledal og Sløvåg. Desse hovudvegane har stor trafikk både av personbilar, trailerar med ymse last, og rutegående bussar.

Politisk har det vorte jobba med å fastlegge ein trase for Kystvegen for å knyte saman kysten mellom Bergen og Ålesund, og lokalt er det ynskje om å få utbetra FV57 frå Sløvåg til Rutledal. Fylkestinget legg Statens vegvesen si tilråding i rapporten «Utgreiing Kystvegen» til grunn for trasevalet for Kystvegen.

Samanbindingsvegar aust – vest er FV 1 langs Sognefjorden frå Instefjord til Rutledal, FV 3 over Takledalen frå Takle til Leversund bru, og FV 4 frå Sløvåg til Byrknes. Køyretid frå lengst i aust (Oppedal) til lengst i vest (Byrknes) er om lag 1 ½ time.

Andre fylkesvegar er FV 2 frå Brekke til Hostelands over Ynnesdal, FV 5 frå Kringla til Hordaland grense ved Furebotn, FV 7 frå Rutledal til Nordgulen over Dingja - Eivindvik (delvis kommunal) og FV 8 frå Oppedal ferjekai til kommunegrensa til Høyanger. I tillegg er her ei rekkje kommunale vegar. På E39 er vegstandarden god, mens vegane elles er smale og svingete.

5.6.2. Sjø

Ekspressbåten mellom Bergen og Selje har stopp på Mjømna, Skjerjehamn og Solleibotn (Eivindvik) i Gulen. Det same har ekspressbåten mellom Bergen og Sogndal.

Det er også lokalbåtrute mellom Gulen og Ytre Solund, via Mastrevik (Austrheim). Dette gjer at elevar frå ytre deler av Gulen som går på vidaregåande skule på Austrheim kan bu heime i staden for å flytte på hybel.

5.6.3. Luft

Næraste flyplassar er Flesland (Bergen) og Bringeland (Førde). Avhengig av kvar ein bur i kommunen er desse flyplassane mellom 1,5-2 timar unna.




Hovudsatsingsområde

6. Framtidsretta bustadutvikling

6.1. Kjenneteikn ved busetnaden i Gulen

Som nemnt ovanfor fordeler folketalet i Gulen seg høvesvis jamt i dei fire skulekrinsane, med mellom 500-600 personar i kvar krins. I bygdesentera, definert etter grunnkartet, er innbyggjartala 273 på Brekke, 326 på Byrknes, 161 på Dalsøyra og 420 i Eivindvik. Talet er noko misvisande for Byrknes og Dalsøyra, då deler av Sandøy er rekna med i Fivelsdal grunnkrins som er ein del av Dalsøyra. Tala viser at i kvar skulekrins er det berre rundt halvparten av innbyggjarane som bur «sentrum».

Både langs fjorden, på fjellet mot Masfjorden og på øyene ligg det små grender som gjerne består av tradisjonelle gardsbruk og utskilte bustadtomter. Det som kjenneteiknar dei utskilte tomtene er at det er folk som har flytta tilbake til kommunen etter ferdig utdanning som ynskjer å busette seg i nærleik til heimgarden og familien. Rundt 80% av innbyggjarane bur i sjølveigne einebustadar, og 31,7% bur på landbrukseigedom. Berre 26% av innbyggjarane i Gulen bur i det som SSB definerer som tettstad, dvs. områder der det bur minst 200 menneske og det ikkje er lenger enn 50 meter mellom husa. Totalt sett er under 5 km² av Gulen kommune sitt areal dekt av bygningar, og det tilsvara under 1% av kommunen sitt totale areal.



Tilhøyra til dei enkelte grendene er stor i Gulen, og dei siste åra er det fleire av grendehusa (ofte tidlegare skulehus) som har vorte rusta opp og som vert aktivt brukt som forsamlingslokale til sosiale hendingar i bygdene, som til dømes jonsokfeiring, påskebasar og juletefestar. Grendene er viktige for busettinga og for trivselen i Gulen, og det går klart fram av kommuneplanen sin samfunnsdel at det er eit mål å behalde fire livskraftige bygdesenter med levande grender rundt. Dette ser ein også er eit av dei viktigaste politiske styringsprinsippa ved handsaming av politiske saker. Det lokale samhaldet og den sosiale aktiviteten som


er knytt til grendene bidreg til å skape gode lokalsamfunn i Gulen. Aktiviteten skjer ofte på tvers av aldersgrupper og er eit godt bidrag til folkehelsa.

6.2. Folkehelse og demografi

Folketalet i Gulen kommune er 2 278 (3. kvartal 2020). Tal frå Statistisk Sentralbyrå viser at folketalet er venta å gå ned til 2 267 innbyggjarar i 2030, for så å stige til 2 309 innbyggjarar i 2050. Samanlikna med nabokommunane våre er dette ei positiv utvikling, då dei i stor grad ser ei negativ folkevekst på mellom -38 % til -5%.

Dialog med næringslivet tilseier at det er gode moglegheiter for at folketalet vil verte høgare enn dette dersom kommunen klarer å leggje til rette for at nye arbeidstakarar i næringslivet vil slå seg ned i Gulen. I 2019 var det 362 personar som pendla til Gulen for å jobbe, medan det var 315 personar som pendla ut av kommunen. Det er eit mål at nokre av dei som pendlar til kommunen buset seg her. Det er grunn til å tru at arbeidspendlinga inn i kommunen i stor grad er knytt til industriområda i Sløvåg og i Skipavika. For meir informasjon om venta næringsutvikling, sjå eige kapittel om dette nedanfor.

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen



↓ Last ned som ...

Kilde:

[Befolkning, Statistisk sentralbyrå](#)

Når ein ser på alderssamansettinga, viser tal frå SSB at i dag (2018-tal) er rundt 15-20 % av befolkninga over 70 år, medan prosentandelen i 2040 er venta å vere oppe i 20-25%. Andel personar under 20 år er ikkje venta å gå ned i same tidsperiode, men ligger stabilt på 20-24% på linje med gjennomsnittet for resten av landet. Tilsvarande er forsørgarbyrda venta å ligge stabil på 0,42-0,45 i perioden fram til 2040. Forsørgarbyrda er berekna som talet innbyggjarar som er under 20 år, relativt til talet innbyggjarar i alderen 20-64 år. Det vil sei personar som typisk er under opplæring og utdanning, og ikkje er i arbeid relativt til dei som vert rekna å vere i arbeidsfør alder.

Ei aldrande befolkning som i stadig større grad er venta å bu lengst mogleg heime, vil kunne ha behov for tilgang til enklare bustadar/leilegheiter som er betre tilpassa deira behov enn det eldre, store enkeltbustadar er. Slike leilegheiter bør også ligge sentrumsnært. Dette må kommunen leggje til rette for.

Gulen kommune si fokehelseoversikt viser også antall personar per hushaldning går ned, og ligg på 2,22 personar per hushaldning. Om lag 18 % av innbyggjarane bur åleine, og den største delen einebuarar er over 45 år. Talet på einslege forsørgjarar har hatt ei moderat reduksjon og innvandrar frå utlandet utgjør 12,2 %, mot landsgjennomsnittet på 16,8 % (2018). Dette er også grupper som vil kunne ha behov for tilgang til rimelegare bustadalternativ.

6.3. Overordna føringar

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 går det fram at kommunane skal planleggje aktivt for å motverke og førebyggje levekårsutfordringar og medverke, gjennom planlegging, til å utjamne sosiale forskjellar. Arealplanlegginga skal sikre tilgang til bustad for ein variert befolkningsstruktur, og bustadtomter skal leggje til rette for tilstrekkeleg, variert og sosial bustadbygging. Universell utforming skal leggjast til grunn, og omsynet til folkehelsa og eit aldersvennleg samfunn skal sikrast i planlegginga. Talet eldre i kommunen vil auke og det er eit mål at flest skal bu heime lengst mogleg. Gjennom reforma «Leve heile livet» vert det lagt opp til at kommunar må leggje til rette for ein variert bustadmasse som kan ta omsyn ein aukande del eldre og einslege, og som er tilrettelagde og universelt utforma.

Bustadplanlegging kan også knytast til rekruttering av arbeidskraft. Bustadar skal i all hovudsak lokalisert nær sentrum i tilknytning til andre tenestetilbod og arbeidsplassar, med gode tilbod til gåande og syklende. Stiar, turvegar og andre tiltak som legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar i nærleik av bustadområda er viktig.

Vidare er det viktig at kommunen legg til rette for bustader av riktig type, der dei trengs. Det vil sei at områder under utvikling bør ha større bustadoverskot enn i områder der utviklinga har vore lågare. Vidare må bustadutviklinga spegle forventna folketalsutvikling og demografiutvikling.

6.4. Busetnad i kommuneplanen

I kommuneplanen sin samfunnsdel under satsingsområde for bustad og kommunale tenester, står det at det er ein strategi å leggje til rette for attraktive tomter til fast busetnad, også spreidd busetnad, og bustadfelt/fortetting i eller nær eksisterande bustadområde. Areal til bustad skal vere ein del av strategien for å møte utfordringa med å skaffe nødvendig arbeidskraft til næringslivet, og det skal takast omsyn til at nye bustadfelt skal leggjast til områder som er trygge for ras, flaum, havnivåstiging og liknande.

6.4.1. Bustadområdet


I kommuneplanen sin arealdel frå 2014 låg det inne 54 bustadområde. Mange av desse ligg i tilknytning til kvarandre, men er definert med ulike nummer i planen fordi områda har vorte utvida over tid, eller fordi dei ikkje har heilt tilstøytande grenser. Dei fleste av områda som er sett av til bustad ligg i tilknytning til eit

av bygdesentera, og i Hovden der det er bygd ut eit kommunalt bustadfelt for å kunne tilby bustader i nærleiken til industriområdet i Sløvåg.

Ein god del av områda som er satt av til bustadføremål i planen har dette føremålet for å vise eksisterande bustadområde. I tabellen over føremålet går det fram om området er utbygd, ubygd, regulert eller uregulert.

Brekke

Nedanfor følgjer eit kartutsnitt frå det området som vert rekna som bygdesenteret Brekke. Frå kartet går det fram at bustadområda ligg mellom Ortneset i nord, til Tynning i sør. Nokre av desse er definert som bustadområde for å tilpasse arealplankartet verkelegheitssituasjonen, det vil sei at enkeltbustadar, eller nokre få bustadar, som er utskilte frå gardsbruk tidlegare har vorte markert med bustadføremål i kartet i staden for at dei vert liggjande inne med LNF-føremål.



I Brekke er det regulerte bustadfelt på Ortneset og Tynning og i desse er det fem ledige tomter på Ortneset og berre to ledige tomter igjen i feltet på Tynning. Tomtebyggingsplanen for dette feltet er frå 1969 så det er ikkje truleg at desse to tomtene vert utbygd. Kartet viser også dei framtidige bustadfelt B19 og B20. B20 går ut då dette området inngår i den nye reguleringsplanen for landbasert fiskeoppdrett som nyleg er vedteke.

For å møte nasjonale forventningar til planlegging, vert bustadområdet B19 regulert i kommunal regi vinteren 2021. Her vil det leggjast til rette for 9 nye tomter, og planen vil leggje opp til at det skal byggjast ulike typar bustadar, i tråd med gjeldande overordna føringar. Området vil gi moglegheit for oppføring av både enkelt- og fleiremannsbustadar, og det vil vere fokus på universell utforming og gode buvilkår for folk i alle aldersgrupper.

Når det nye feltet på Ortneset er bygd ut, er det få ledige områder for bustadfelt i Brekke sentrum. Resterande areal er anten jordbruksareal/dyrka mark eller i skredfareområde. Når det er sagt, er det også viktig å påpeike at det bur folk i alle aldrar i bygder langs fjorden frå Oppedal til Rutledal som også høyrer til denne krinsen. Rundt halvparten av utbygginga som har skjedd dei siste planperioden har vore i grendene rundt sentrum.

Byrknes

Kartet nedanfor viser området som er definert som Byrknes sentrum. Områda for offentlig tenesteyting inneheld skule og barnehage, bu- og omsorgssenter og ungdomshus. Like ved omsorgssenteret ligg det ein daglegvarebutikk med tilhøyrande kafélokale. I området sin sørlege del har Firda Seafood slakteri. Det er også ein eigen reguleringsplan med avsett område til Gulen Fiskarbondemuseum og kulturmiljøet rundt.



I kartet nedanfor viser me korleis forholdet er mellom bustadområde (noverande og framtidige) og dagens situasjon. Som ein ser ligg bustadområda meir samla på Byrknes enn på Brekke. Største deler av noverande bustadområde sør på øya er utbygd, medan det er noko rom for fortetting i nokre av dei andre felta.


I regulert område B46 Tausevågen bustadfelt (ID 1999001) er det seks ledige tomter og i B47 Gåta bustadfelt er det 15 ledige tomter. I tillegg er det god plass til fortetting i resterande området som er satt av til bustad rundt skule og barnehage.

I bustadområde B55 er deler av tomta gjort om til offentleg tenesteyting og det er bygd ein ny barnehage der som stod ferdig i desember 2020. I samband med utbygging av barnehagen, vart det stilt krav om at det skulle lagast ny reguleringsplan for bustad på det gjenståande bustadområdet, pluss område satt av til bustadfelt aust for skulen. Reguleringsplanarbeidet er starta opp (januar 2021), og for å tilpasse bustadutviklinga på Byrknes dei nasjonale planretningslinjene, legg planen til rette for oppføring av leilegheiter i ulike størrelsar, tilrettelagt for ulike bubehov. Leilegheitene vil vere universelt utforma og planområdet vil leggje til rette for møteplassar som oppmodar til sosial og fysisk aktivitet. Planområdet er like ved skule og barnehage, samt i gåavstand til andre fasilitetar i Byrknes sentrum. Dette er i tråd med nasjonale føringar. Planarbeid for reguleringsplan som skal leggje til rette for bygging av hotell og fortetting av bustadområde i Byrknes har også starta opp.

Tilrettelegging for bustadar på Byrknes er viktig med tanke på utvidinga som skjer på Firda Seafood sitt anlegg på Byrknes, samt på anna nærings- og industriutvikling på aksen Byrknes-Skipavik-Sløvåg. Det er venta stor auke i arbeidsplassar innan det private næringslivet dei komande åra, og det er viktig at kommunen er i forkant for å leggje til rette for bustadutvikling i tilknytning til dei nye arbeidsplassane.

Dalsøyra

Dalsøyra er den bygda som geografisk sett ligg mest i sentrum av kommunen. Her er det barnehage og skule med tilhøyrande fotballbane og nærmiljøanlegg. Det er ein samfunnsdel knytt til gymsalen, og her vert det arrangert ulike aktivitetar, mellom anna bygdekino, ungdomsarrangement og møter. Det er bu- og omsorgssenter her, samt at PU nyleg har fått bygd eigne bustadar til sine brukarar i samband med senteret. På grunn av lokaliseringa er også ny ambulanse- og brannstasjon under bygging.




På Dalsøyra er det to bustadområde som er regulerte, begge i 1997. Det er ei ledig tomt i regulert felt. Det lysegule feltet som er eksisterande bustadområde, er i stor grad tilpassa eksisterande bustadar. Her gjer eigedomsgrensene det slik at det er lite truleg at det er særleg rom for fortetting. Bustadområda B38, B35 og B34 er verken regulerte eller utbygde.

Bustadområde B39 vert tilpassa innspel i denne rulleringa av arealplanen slik at området tek betre omsyn til eksisterande landbruksjord, samt at det vert tilgang til sjø. Gulen kommune har satt av pengar til regulering og utbygging av dette bustadfeltet, og det er private som har vist interesse for å inngå utbyggjaravtale med kommunen for å realisere prosjektet. Her vil kommunen stille krav til at bustadfeltet vil innehalde variasjon i butilbodet, i tråd med overordna retningslinjer og føringar.

I og med at det ikkje finst ledige tomter i regulert bustadfelt på Dalsøyra, er det behov for tilrettelegging for dette. Dalsøyra ligg 14 km frå industriområdet i Sløvåg og 23 km frå Skipavika, der hovudmengda av forventna nye arbeidsplassar vil liggje i framtida. Det er difor naturleg at Dalsøyra vil vere aktuelt bustadområde for nye arbeidarar i og med at det ligg i nærleik til barnehage, skule og nytt idrettsanlegg. Bustadområde B39 som er nemnt ovanfor vil verte eit attraktiv bustadfelt med gode kvalitetar.

Eivindvik

Eivindvik er kommunesenteret i Gulen. Her ligg kommunehuset, sjukeheimen, legekantoret, bu- og omsorgssenter og barnehage- og skule med tilhøyrande nærmiljøanlegg og fotballbane. I tillegg har Eivindvik sentrum nærbutikk, hotell, hyttegrend, bank, gjestebrygge, samt kontorbygg. I Eivindvik ligg også fleire attraksjonar knytt til historia rundt Gulatinget.



Bustadområda i Eivindvik sentrum ligg i stor grad samla nær sentrumsfasilitetane. Bustadfeltet til vest for sentrum er regulerte. Her er det 16 ledige tomter i det nyaste bustadfeltet, Prestesundet, som vart regulert i 2014. I bustadfeltet Øvre Stølen er det totalt fire ledige tomter. I andre, noverande bustadområde er det berre unntaksvis høve til fortetting. Utover dette ligg det inne tre område som er satt av til framtidig bustadområde med krav til regulering, men ingen av desse er endå regulerte. I Prestesundet bustadfelt er det lagt til rette for, og bygd, fleirmannsbustadar som dekkar behovet for tilgang til ulike typar bustadar. Feltet har også veldig bra tilrettelagte uteområde som oppmodar til fysisk og sosial aktivitet. Det er også etablert ein tursti i bakkant av bustadfeltet, frå Solleibotn kai til enden av Prestegardsstien. Målet er at denne skal førast nesten fram til krysset før skulen.

Vest i kartutsnittet ligg det inne areal for spreidd bustad og spreidd næring i LNF-område. Det har ikkje vore utbygging i desse områda.

Det er ikkje behov for å sette av meir areal til bustadutvikling i Eivindvik i denne gjennomgangen av planen.

Hovden

Gulen kommune har også regulert og opparbeidd bustadfelt i Hovden. I etterkant har det også vorte etablert barnehage her som høyrer til eining Dalsøyra. Feltet ligg berre 5 km frå Sløvåg industriområde og 19 km frå Skipavika, og har 14 ledige tomter.



LNFR spreidd bustadbygging

LNFR spreidd bygging, jf. pbl § 11-7 nr 5 bokstav b, kan brukast som arealføremål der området sin karakter i hovudsak er open og ikkje tettbygd. Det er viktig å sikre at spreidd bygging ikkje går ut over eksisterande landbruksdrift, slik som til dømes beitedrift. Friluftslivinteresser og omsyn til landskapet er også viktig å vurdere før ein set av områder til bygging. I rettleiaren «Planlegging for spreidd bustad-, fritids- og næringsbygging i LNFR-områder» står det at når kommuneplanen sin arealdel skal rullerast bør kommunen også ta stilling til eksisterande busetnad i LNFR. Det har difor vore gjort ein full gjennomgang av alle områder i arealplanen med føremål LNF spreidd bygging.

På grunn av Gulen kommune sin geografi og dei mange små grendene, er det høvesvis mange og store områder som er satt av til LNFR spreidd bygging i kommuneplanen. I førre arealplan frå 2014 er det gjort ei berekning av moglege nye einingar i kvart område for LNF spreidd bygging der ein har rekna 8 daa per eining. Ein har altså tatt det totale arealet på gjeldande arealføremål og delt på 8 for å rekne ut kva utbyggingspotensialet er for nye einingar. Dette er ikkje ein god måte å rekne på, då det i mange tilfelle gir uttrykk for eit utbyggingspotensiale som er mykje større enn det som er både aktuelt og ynskjeleg. I denne planen er det gjort ei ny vurdering av dei områda for spreidd bygging som låg inne i planen frå tidlegare. Det er ikkje teke nye slike områder inn i planen. Ved gjennomgangen av områder for utbygging har me vurdert områda opp mot følgjande kriterium:

- Lokalisering i forhold til eksisterande grender, lokal utvikling i bustadbygging og næringsutvikling
- Fare for steinsprang, skred eller flom
- Fare for trafikkstøy

- Konflikt med landskapskvalitetar og/eller kulturmiljø
- Konflikt med automatisk freda kulturminne eller sikringssoner rundt desse
- Påverknad på verneområde, truga naturtypar eller leveområde for truga plante- og dyreartar
- Fare for nedbygging av dyrka/dyrkbar jord, driftsulemper for landbruket
- Avstand til viktige friluftsområdet, 100-metersbeltet, byggeforbod langs vassdrag
- Avstand til offentleg veg, kollektivtransport, skule, barnehage og sentrumsfunksjon
- Tilgang til vatn og avløp
- Aukaulukkesrisiko på veg eller dårlege gang- og sykkelforbindelse

6.5. Korleis løyser arealplanen utfordringar knytt til bustadområde

I tråd med nasjonale føringar og planretningslinjer har kommunen ansvar for å leggje til rette for eit realistisk tal bustadar og riktig type bustadar basert på kommunen sin demografi og folkehelsesituasjon. Det gjer denne arealplanen ved at det er fokusert på å leggje til rette for attraktive bustadfelt i kvart av dei fire bygdesentera. I tillegg er det satt av 25 millionar kroner i kommunen sin økonomiplan for den komande fireårsperioden for å sikre at desse sentrumsnære bustadfelta vert utbygd. Dei nye sentrumsnære bustadområda skal leggje til rette for bygging av ulike typar bustadar med størrelse, kostnadsnivå og universell utforming som gjer at dei er aktuelle for fleire typar bustadbehov. Det er også eit mål at det skal etablerast gang- og sykkelveg frå bustadområda til oppvekstsentera, og at bustadområda skal leggje til rette for fysisk og sosial aktivitet på tvers av aldersgrupper. Dette vert ivareteke gjennom planføresegnene.

Det er utført bustadrekneskap som viser at Gulen kommune har eit overskot i områder satt av til bustadutvikling samanlikna med kva den forventa folketalsauken frå SSB viser. Det høge talet bustadområde kan vere misvisande, då mange av områda er små, og omfattar eksisterande bustadhus utan rom for vidare utbygging. For det andre ligg mange av bustadområda med grenser mot kvarandre, eller i tett nærleik, i sentrumsområda. Det vil sei at sjølv om det er mange områder så ligg dei aller fleste innanfor det som vert rekna som eit av dei fire bygdesentera.

For at planen i større grad skal følgje opp statlege planretningslinjer og overordna føringar, er bustadområde som ikkje er utbygde, samt områder for spreidd bygging som ikkje, eller i liten grad er utbygde, foreslått fjerna frå arealplanen.

Gjennomgangen av bustadområde har ført til at nokre områder med bustadføremål vert tatt ut av planen og tilbakeført til LNF. Dette gjeld hovudsakleg bustadområde med reguleringsplankrav som verken er regulerte eller utbygde frå tidlegare. Det er størst bustadoverskot på Byrknes, både i regulert og uregulerte bustadfelt. Det er også i denne krinsen at mykje av den venta auken i privat næringsutvikling ligg, og me har difor valt å la dei fleste av områda ligge i planen for komande planperiode, og heller ta ei ny vurdering av bustadutviklinga ved neste rullering.

Områder med arealføremål LNF spreidd bygging er i stor grad ein indikasjon på kvar folk faktisk bur i kommunen, og viser grendene der det har vore mest interesse for bustadbygging dei siste åra. Områda for spreidd bygging er ei tydeleggjering av det politiske budskapet om at i Gulen ynskjer me at folk skal få byggje hus i tilknytning til der dei kjenner tilhøyre, og at me også ynskjer levande grender rundt bygdesentera våre.

Samtidig ser me av utbyggingsmønsteret at det er vanskeleg å treffe med områda for LNF spreidd bygging. Me har difor valt å ta ut og redusere ein god del av desse områda der me ser at interessa for bygging har vore liten dei siste åra.

7. Områder for akvakultur på sjø og land

7.1. Kjenneteikn ved akvakulturnæringa

Nye trendar og behov også innan akvakulturnæringa viser at område avsett i eksisterande kommuneplan kanskje ikkje er like aktuelle lenger. Samtidig har akvakultur på land vorte meir aktuelt dei siste åra. Ved rulleringa er det gjennomført ei ny vurdering av eigna akvakulturlokalitetar etter innspel frå akvakulturaktørar. Akvakultur er ei viktig næring for kommunen når det kjem til arbeidsplassar, og me ynskjer å leggje til rette for at aktørane som opererer i vår kommune, samt eventuelt nye aktørar, har rom for å utvikle seg og følgje med på nye trendar og endringar i næringa. Då er det viktig at næringa har føreseielege rammer og tilrettelagt infrastruktur.

All produksjon av biomasse set spor. Akvakulturnæringa har miljømessige utfordringar og er arealkrevjande. Næringa har krav til miljøregisteringar etter *Norsk Standard* kvart 2. år som skal sikre gode botntilhøve med god omsetnad av organisk materiale frå anlegga som produserer matfisk. Gulen kommune har 14 matfisklokalitetar i sjø. Av desse er 10 i bruk, og med eitt unntak har alle tilstand 1 *Svært/meget god*. Ein lokalitet fekk tilstanden *god*. Det er difor ingen indikasjonar på at akvakulturen i Gulen har vesentleg negativ miljøpåverknad i form av opphopping av organisk materiale i fjordbotnen.

Auka arealbruk er i seg sjølv ikkje negativt for miljøpåverknaden, då større areal på ein lokalitet gjev meir spreining av utsleppa og gjer det lettare for botnfaunaen å bryte ned det organiske materiale. Større produksjon i lokaliteten medfører auka utslepp, og set difor større krav til mellom anna straum- og botntilhøve for å kunne stette standarden.

7.2. Overordna føringar

Lakse- og innlandsfiskeloven har som føremål å sikre at naturlege bestandar av anadrome laksefisk, innlandsfisk og deira leveområde vert forvalta i samsvar med naturmangfaldlova. Produksjon av laks og regnbogeaure har store utfordringar knytt til lakselus og spreining av denne til villaks. I og med at Gulen kommune er i gang med å utarbeide ein interkommunal plan for sjøområda i samarbeid med Nordhordlandskommunane, har me redusert talet på innspel som me tek med vidare i påvente av den interkommunale planen. Dette gjer me for å betre kunne sjå utviklinga i oppdrettsnæringa i samanheng med resten av regionen, og fordi det gjennom den interkommunale planen vil verte utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som vil vere betre enn det me har i dag.

Gulen er i produksjonsområde 4 *Nordhordland-Stadt* definert i *Forskrift om produksjonsområde for akvakultur av matfisk i sjø av laks, ørret og regnbueørret*. Basert på årlege risikovurderingar av lakselus på utvandrande laksesmolt, fekk dette produksjonsområdet redusert produksjonskapasiteten til 94 % av total konsesjonsmengde i 2020.


Sognefjorden er nasjonal laksefjord aust for Ortnevik-Nessane – om lag ved kommunegrensa mellom Høyanger og Sogndal/Vik, og all denne laksen passera oppdrettsanlegga i Gulen/Sognesjøen. Kunnskapen om bestanden av anadrome fiskeslag i Gulen er svært avgrensa. *Lakseregisteret* har registrert 12 lakseførande elver i Gulen, men berre i ei av dei er laksebestanden vurdert. Dette er Storelva/Brekkeelva, og bestanden her er *Dårleg/Svært dårleg*. Sjøaurebestanden har fått tilstanden *Redusert*. Lakselus får i vurderinga moderat påverknadseffekt på bestanden av laks og avgjerande påverknadseffekt for sjøaure. Datagrunnlaget er frå 2010 til 2014. Med dette utgangspunktet er det grunn til å tru at akvakulturen i Gulen påverkar anadrome fiskeslag både lokalt og regionalt – sjølv om faktagrunnlaget er lite og gammalt.

Gulen kommune kan berre vurdere arealbruken til akvakulturen ved handsaming av arealplanen. Eventuelle endringar i produksjon av biomasse på dei ulike lokalitetane vert handsama etter anna lovverk. Det er også anna lovverk som sikrar påverknaden mellom lakselus og villaks- og sjøarebestanden. Rundskriv H6/18 presiserer at kommunen skal sette av areal til akvakultur, men at dei meir detaljerte vurderingane av miljøverknadane vert vurdert av fylkeskommunen ved handsaming av lokalitetssøknadar. Det er difor ikkje nødvendig at alle miljøforhold er avklart på arealplannivå.

Akvakulturnæringa er i stadig utvikling, og arealplanen må ta høgde for at ny kunnskap medfører behov for justeringar i plassering for dei ulike lokalitetane i planperioden. 6 av innspelane til planen er endringar i eksisterande AK-område med bakgrunn i ønske om å kunne legge ut fleire merdar og/eller å betre straum- og botntilhøva ved å flytte anlegget litt. I utgangspunktet gjev vidareutvikling av eksisterande lokalitetar med gode produksjonsresultat og liten miljøpåverknad, sikrere grunnlag for konsekvensvurdering enn heilt nye AK-område for matfisk.

7.3. Akvakultur i arealplanen

Akvakulturen i Gulen er i all hovudsak delt i to produksjonar: Matfisk, der laks og regnbogeare har vore dominerande, og akvakulturdyr, i hovudsak taredyrking. Taredyrkinga har blitt aktuell dei siste åra og er ein produksjon fleire meiner har eit stort potensiale. Målet for Gulen er å balansere det totale arealet avsett til akvakultur ved å fjerne gamle AK-område og legge til dei nye areala som er minst konfliktfylte.



Kartet ovanfor viser gjeldande akvakulturlokalitetar (raud for laks/aura og grøn for tare), samt at dei blå prikkane i kartet viser utløpspunkt for lakselvar. Dei lokalitetane som det er snakk om å endre i denne planen ligg i ytre deler av kommunen og difor ikkje i nærleiken av utløpspunkt for lakselv.

7.3.1. Matfisk

Matfiskproduksjonen har vore i konstant utvikling, og trenden har gått mot færre og større lokalitetar. Denne trenden er utgangspunktet for utviklinga også i denne planperioden. Gulen ynskjer difor å justere og

auke arealet på 6 av dei 10 lokalitetane i kommunen. Dette er lokalitetar som har synt gode produksjonsresultat utan vesentleg opphoping av næringsstoff på sjøbotn.

Det er ikkje registrert fiskesjukdom i form av PD (pancras disease) og ILA (infeksiøs lakseanemi) i kommunen, men Sognefjorden er ein del av overvakings- og motverkingssone for PD. MOM-B undersøkingar, som er overvåkingar av botnforholda i anleggssona, viser at miljøtilstanden er meget god eller god for dei fleste anleggslokalitetane, utanom Storeneset. Gulen kommune ser difor ikkje at det skal vere nokon risiko for at den tilpassinga av eksisterande areal som me føreslår i planen skal påverke den samla belastninga på fjordsystemet vårt.

Auken i AK-areal som følgje av utviding og endring av eksisterande lokalitetar utgjer om lag 530 daa. Samstundes fjernar kommunen AK-område som ikkje er lenger aktuelle for matfiskproduksjon, eller som vert liggande for nær lokalitetar i drift. Reduksjonen i AK-areal som følgje av dette vert kring 1000 daa. Netto reduksjonen i framtidig arealbehov til matfiskproduksjon er kring 470 daa.

Med utgangspunkt i at dei lokalitetane som det vert satsa vidare på gjev lågare miljøpåverknad enn dei små gamle, er det grunn til å tru at matfiskproduksjonen i Gulen i framtida vil ha eit lågare miljøavtrykk. Produksjonsvolumet av matfisk i Gulen er styrt av anna regelverk enn plan- og bygningslova. Det er naturleg å legge til grunn at næringa vil utnytte lokalitetane sine i Gulen optimalt, og dette medfører at endringane i planen truleg har lite konsekvensar for situasjonen kring lakselus.

7.3.2. Algar og akvakulturdyr

Algar og akvakulturdyr er ei ny næring i Noreg, og Gulen ynskjer å vere med å legge til rette for at denne næringa skal få utvikle seg i kommunen. Førebels er det ingen kjente negative miljøkonsekvensar knytt til produksjon av algar og akvakulturdyr - slik produksjon kan snarare ha positiv effekt gjennom å ta opp næringsstoff frå sjøen, og kanskje også som skjul for fisk. Dei planmessige utfordringane med nye AK-område til denne produksjonen knyter seg difor i all hovudsak til arealbruken. Anlegga har i utgangspunktet dei same ferdselsrestriksjonane som produksjon av matfisk, og får konsekvensar for både fiskeri, ferdsel og skipstrafikk. Alle aktørane innan algar og akvakulturdyr i Gulen har fleire godkjente lokalitetar som dei enno ikkje har tatt i bruk. Planen legg til grunn ein auke i AK-areal til tate frå 3100 daa til kring 3500 daa ved å erstatte dagens AK15 med ein eit nytt areal rett utanfor det gamle.

Sidan Gulen kommune si rullering av arealplanen vert avslutta etter at den interkommunale planprosessen for sjøareala i Nordhordland er påbyrja, fokuserer Gulen på vidareutvikling av dei eksisterande lokalitetane, og vurderer berre nye akvakulturområde der konsekvensutgreiinga og motteke merknader syner få kjente konflikstar. Vidare utvikling av næringa vil med stort sannsyn medføre behov for fleire nye akvakulturområde, men desse bør komme etter at kunnskapsgrunnlaget er gjennomgått og forbetra i arbeidet med interkommunal plan.

7.3.3. Akvakultur på land

Gulen kommune har to områder som er regulert for akvakultur på land, eit på Ortneset (kveite) og eit i Skipavika (laks).

Anlegget som skal byggjast i Skipavika vil verte landets største produsent av laks på land, og er venta å produsere 33.000 tonn laks når det står ferdig.


Det har ikkje kome innspel til andre områder for landbaserte akvakulturanlegg til planen, men det finst andre næringsområde som truleg vil kunne nyttast til dette føremålet ved behov.

8. Gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling

8.1. Kjenneteikn ved næringsutviklinga

Næringslivet i Gulen kommune er utanom offentlig forvaltning og primærnæringane, dominert av bygge- og anleggsverksemd, havbruk og industri. Hovudtyngda av næring er lokalisert i sørvestlege delar av kommunen mot Fensfjordbassenget i tett tilknytning ferjesambandet Sløvåg-Leirvåg, Mongstad og Bergen, og i nord-austlege delar langs, eller nært til E-39.

Gulen er, særleg saman med Masfjorden, men også til dels resten av Nordhordland i dag å sjå på som ein bu -og arbeidsregion og pendlarbalansen viser ei lita overvekt for pendling inn til kommunen. (I denne samanhengen er det også naturleg å ta med Høyanger sørside.) HAFS-kommunane utgjer ein marginal del av arbeidsmarknaden for Gulen.



Ei oversikt over verdiskapinga i Nordhordlandskommunane viser at Gulen ligg som nummer tre, bak Alver og Osterøy. Det er verdiskapinga frå marin (havbruk), industri og bygg og anlegg som er dei største bidragsytarane til denne plasseringa.

Gulen kommune er ein av dei største havbrukskommunane i Vestland med Firda Seafood Group som den største aktøren lokalt. Havbruksnæringa er svært viktig for kommunen, og auka sysselsetjing knytt til havbruksnæringane har vege opp for redusert sysselsetjing i andre delar av primærnæringane. Verdiskapinga innan marin næring ligg i nærleiken av 400 millionar kroner. Denne kjem hovudsakleg frå oppdrettsnæringa, men også frå foredling og fiske.

Industrien ein finn i tilknytning til Fensfjordbassenget har vore, og er, ein motor for utvikling av nye arbeidsplassar, og dei største arbeidsplassane innan privat næringsliv i kommunen finn ein her. Arbeidsplassane er i stor grad knytt til logistikk, vedlikehald og prosessering innan handtering av avlaupsvatn, bergverksdrift og bygg, anlegg og eigedom. Dette er bransjar som i mindre grad er eksponert for svingingar knytt til olje & gass og som har klart seg godt også gjennom dei økonomiske krisene ein har sett siste 10 åra. Det kan likevel stillast spørsmål ved om denne stabiliteten har ført med seg at det i liten grad har vore behov for omstilling til nye næringar noko som kan vere ei utfordring for eit næringsliv som også må ta del dersom ein skal klare å omstille seg til

lågutsleppssamfunnet. Mykje av aktiviteten i Sløvågområdet er basert på sirkulærøkonomi, men det betyr ikkje at den har låge utslepp.

Ein rapport utført av Ernst & Young viser til at Gulen industrihamn i Sløvåg er i sterk vekst og satsar tungt inn mot nye, og også grønne marknader. Nord-Europa si største tørrdokk er under bygging og industrihamna rettar seg i aukande grad mot modifikasjonar, reparasjonar og kasseringar av offshore fartøy og rig, inkludert flytande understell til havvind. Det vert også etablert ei kaikran for tungløft. Om få år vil kaiområdet ha etablert infrastruktur for å utføre store logistikk- og samanstillingsoperasjonar, og det vert sett på moglegheitene for å operere som logistikkhamn for botnfast havvind.

Det vert også jobba med å etablere eit anlegg for dekommisjonering og gjenvinning av offshore installasjonar. Dette vert eit anlegg med slipp og kai, samt store areal til både dekommisjonering, produksjon og samanstilling. Anlegget vil også vere velegna for dekommisjonering av havturbinar i framtida.

Skipavika industrihamn er retta mot serviceoppdrag på skip og riggar, samt lager og vedlikehald av utstyr. Arbeidet med å etablere det som har som mål å verte verdas mest teknologiske og miljøvennlige landbaserte oppdrettsanlegg for laks er i gang. Det er også planar om å etablere industrifelt og teknologisk sagbruk for både mottak og foredling av tømmer.

8.2. Overordna føringar

Den lokale næringsutviklinga må følgje opp under dei nasjonale forventningane om ei heilskapleg og berekraftig utvikling, vekstkraftige regionar og lokalsamfunn, berekraftig areal- og transportutvikling og tettstadar det er godt å bu og leve i.

Vestland fylkeskommune har utforma ein Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Den definerer fire mål for korleis Vestland skal utvikle seg i åra som kjem. Desse måla er det viktig at kommunen tek omsyn til i sine planar. Dei fire hovudmåla i den regionale planen er som følgjer:

- 1) Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
- 2) Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.
- 3) Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.
- 4) Like moglegheiter til å delta i samfunnsutviklinga.

Som ei oppfølging av utviklingsplanen, har det også kome på høyring ein plan for innovasjon og næringsutvikling basert på dei føresetnadane me har her på Vestlandet. Denne planen seier mellom anna at

«Vestland har verdsleiande klyngemiljø og næringsalliansar som allereie har, og kan ta, ein leiande posisjon i det grønne skiftet. Næringslivet i Vestland bør bygge vidare på eksisterande verdikjeder knytt til olje og gass, sjømat, maritim og prosessindustri. Her har Vestland både naturgitte og kompetansemessige føresetnadar.»

Dette er svært aktuelt også i Gulen med tanke på næringslivet i Sløvåg/Skipavikområdet, samt all næring me har knytt til heile næringskjeda innan akvakultur.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland vil også verte eit relevant plandokument for vidare utvikling av næringslivet i Gulen.

8.3. Næringsutvikling i arealplanen

Eit mål i planen for innovasjon og næringsutvikling for Vestland er å ha rett areal til rett føremål til rett tid.

I kommuneplanen sin samfunnsdelen er det eit mål å utvikle fleire lønsame og varierte arbeidsplassar. Å leggje til rette for næringsutvikling er også sentralt i målet om å skape aktivitet og vekst i folketal i kommunen. Trendar og behov for areal for næringsutvikling er i endring, og areal sett av til næringsverksemd på land eller i tilknytning til sjø er eit viktig punkt å ta med inn i ny arealdel, for å oppdatere den ut ifrå endra behov.



Skipavika Næringspark (foto: Avis Nordhordland)

Spesielt har me sett på moglegheitene for å utvide eksisterande næringsområde til den litt tyngre og plasskrevjande industrien.

Det er politisk bestemt at vidare utvikling av den arealkrevjande industrinæringa skal skje i forlenging av det eksisterande næringsområdet rundt Sløvåg. Dette er både fordi ein ser at det kompetansmiljøet som held på å bygge seg opp der dreg store fordelar av kvarandre og skapar synergjar. Samstundes avgrensar ein naturinngrepa til eit område i kommunen i staden for å spreie det utover. På denne måten redusera ein også konfliktpotensialet mot andre interesser.

I denne arealplanen foreslår me å utvide næringsområdet i Sløvåg nord og aust. Samanlikna med innspelet som kom inn, vert området noko redusert nordover mot Brandangersundet for å forsøke å verne naturområdet der.

Aktiviteten i både Sløvåg og Skipavika er plasskrevjande. Utviklinga skjer fort og viktigheita av å ha areal tilgjengeleg er stort. Kommunen har gjennom Gulen og Masfjorden utvikling vore i kontakt med nokre av bedriftene for å undersøke kva konkrete planar dei har for utvikling og utviding som gjer at dei vil trenge meir areal. På grunn av omsynet til å verne sine eigne forretningsidear ynskjer ikkje verksemdene som me har vore i kontakt med å konkretisere planane sine på eit så tidleg fase, utover det som allereie går fram av informasjonen ovanfor. Dei stadfestar likevel at behovet for meir areal er svært viktig for vidare utvikling. Då er det viktig at kommunen kan vere i forkant å leggje til rette for dette.

Næringsområdet knytt til lakseslakteriet på Byrknes vert også utvida for å betre driftsforholda der.

9. Områder for bygging i strandsona

9.1. Kjenneteikn ved strandsona

Kommuneplanen fastset bestemte område der det er opna for bygging i strandsona, der byggegrensa mot sjø er mindre enn 100 meter. Ved rullering av kommuneplan bør det takast opp til vurdering om, korleis og i kva for grad område med byggegrensa mot sjø på mindre enn 100 meter skal vidareførast eller endrast. Den statlege planretningslinja (SPR) for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (2011) opnar for at det kan vere grunnlag for å tillate visse typar tiltak nær sjøen, som til dømes bryggjer, naust, småbåthammer og eventuelt andre næringstiltak.

I samband med førre rullering av kommunen sin arealplan vart det utført ei strandsoneanalyse av heile kommunen. På bakgrunn av denne analysen vart det laga ei byggegrensa mot sjø som tok omsyn til dei resultatane som kom frå strandsoneanalysen sine undersøkingar og kartleggingar. Det var fleire områder som kom i kategorien A og B -område ein skal vere varsame med å bygge ut. Områda med mest særneigne kvaliteter var: Tveit, Livresundet, Molde/ Slengesol, Høyvika og Buneset.

Rapporten resulterte i nokre retningslinjer for korleis kommunen bør handsame vidare utbygging i analyseområdet:

Område der ein som hovudregel kan gjennomføre nye tiltak etter at omsyn er gjort:

- Utanfor 100- meters beltet
- Der det finst busetnad frå før av
- Område knytt til nærliggjande veg, og anna infrastruktur

Område ein bør ver varsam/ vise omsyn til fleire interesser:

- Innanfor funksjonell strandsone
- Innanfor område der fleire interesser gjeld (spesielt område for natur, landskap friluftsverdiar og kulturmiljø)
- Tettstadområde med høge landskapsverdiar A og B verdi (her treng ein ei meir finmaska analyse).

Område som ikkje bør byggjast ut:

- Øyar holmar og skjær som ikkje har busetnad
- Ytst på nes, og høge toppar (silhuett)
- Område interesser for natur- landskaps- og friluftsverdiar er store

Generelle retningslinjer for arealbruk i strandsona i Gulen kommune:

- Næringsareal og område for bustad/fritidsbustad bør ikkje vere lokalisert for nære kvarandre. Dette er sjølvstøtt avhengig av kva type næring det gjeld, og må vurderast spesifikt i kvart enkelt høve.
- Øyar, holmar og skjær der det ikkje er busetnad, bør sparast for inngrep
- Unngå å redusere INON - område.
- Øyar, nes, lengre høgdedrag som fungerer som buffer for næring/industri, busetnad, tydelege skilje mellom ulike landskapsrom eller andre inngrep bør ikkje byggjast ut.
- Bygging ytst på nes, vil oftast redusere landskapsverdien og privatisere strandsona - desse områda bør difor ikkje byggjast på.
- Unngå å bygge i silhuett
- Nye utbyggingstiltak i strandsona bør ha fokus på tilkomst for alle, unngå privatisering og å legge til rette i staden for å vere til hinder for andre å opphalde seg der.

Tettstadar ved sjøen har større innslag av utbygd strandsone enn meir spreidd bygde område. Stor landskapsverdi i tettstadområde tyder ikkje utan vidare at "all" strandsona må vernast for inngrep - eit tettstadområde med høg verdi kan ofte ha store variasjonar i verdi over kort strandline og bør difor ha ei meir detaljert vurdering i samband med planarbeid eller tiltak for å komme fram til ei god forvaltning.

God forvaltning balanserar omsyn til naturverdiar, historiske verdiar og rekreasjonsverdiar med omsyna til eit levande bygdemiljø, arbeidsplassar, turisme, bustader, båthamn m.m.

Den funksjonelle strandsona som vart oppretta i samband med analysen tok omsyn til vegen der den danna ei naturleg grense mot sjøen. Den tok også omsyn til godkjente reguleringsplanar med utbyggingsføremål. Kommunen har difor valt å vidareføre denne som byggegrense mot sjø i kommuneplanen sin arealdel. Det er likevel viktig å påpeike at byggegrensa gjeld berre for tiltak som er i tråd med arealføremålet.

9.2. Overordna føringar

Dei overordna føringane for strandsonevernet er presentert ovanfor i kapittel 5.3. Det er i all hovudsak plan- og bygningslova §1-8 som regulerer strandsonevernet, i samheng med dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Lov og regelverk knytt til bevaring av naturmangfald og natur- og kulturmiljø gjer seg også gjeldande.

9.3. Strandsona i arealplanen

9.3.1. Nye områder for bygging i strandsona

Det er lagt inn fleire nye områder for naust og småbåtanlegg i kommuneplanen sin arealdel. Dette har det vore eit sterkt ynskje om frå mange hald og det kom fleire innspel om dette til planen. Dei fleste anlegga er knytt til eksisterande bygder og bustadområde i tråd med overordna føringar. Me har også lagt opp til at småbåtanlegga og naustområda skal vere fellesanlegg for at flest mogleg skal få glede og nytte av dei.

9.3.2. Dispensasjon frå strandsonevernet

Gulen kommune har rundt 1200 km kystlinje. Rundt 200 km av desse er på fastlandet, medan resten er øyene. Den flotte og varierte naturen og skjergardskjennsla i kombinasjon med nærleiken til Bergen, gjer at kommunen har utvikla seg til å bli ein viktig hyttekommune. I 2020 var det 973 hytter i kommunen, medan talet på bustadar og leilegheiter var på 1059.

Gjennom arealplanen søker kommunen å styre den vidare utviklinga av bustadar og fritidsbustadar mot dei regulerte felte våre. Når det gjeld fritidsbustadar har me fleire regulerte hyttefelt med god kapasitet, og interessa for fritidsbustadar i Gulen er stor. Samtidig har me også ein del frådelt hyttetomter i LNF og strandsona. Dei fleste av desse er frå rundt 70-talet. På tomtene som er utbygd ser me eit aukande behov for, og ynskje om å oppdatere fritidsbustadane til dagens standard, gjerne med tiltak som anneks, flytebyggje, vinterhage, og liknande.

God planlegging som i størst mogleg grad styrer alle typar utbygging i tråd med overordna føringar og retningslinjer er eit tydeleg mål for kommunen. Samstundes må me vere realistiske med tanke på kva forhold me skal planlegge under; store areal, lågt folketal, lågt utbyggingspress samanlikna med andre kommunar og mykje strandsone. Det er difor ein naturleg konsekvens av våre føresetnadar at bygging gjennom dispensasjonar vil kunne skje i kommunen vår, utan at dette nødvendigvis er eit teikn på dårleg planlegging.

I 2011 og 2013 vart det utført strandsoneanalysar i kommunen. Desse nyttar me aktivt i handsaming av dispensasjonssøknadar, i tillegg til at me nyttar oss av andre tilgjengelege og aktuelle kartdatabasar for natur-, arts-, og biologisk mangfald. Me nyttar oss også av kjent kunnskap om kulturminne og kulturmiljø, samt den faktiske bruken av området, og me kjenner oss trygge på at dispensasjonssøknadane våre vert grundig handsama på ein slik måte at dei ikkje går ut over dei omsyna som strandsonevernet skal sikre.

Dispensasjonar må gjevast i tråd med intensjonane i lowverket. Det meiner me at me er i stand til å gjere utan at strandsonevernet vert handheva så strengt frå Statsforvaltaren si side som det gjer i dag. Difor ser me at det er behov for retningslinjer som legg føringar for sakshandsaminga av dispensasjonssakene.

Ved vurdering av om det er grunnlag for å gje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel med heimel i pbl. §19-2, skal følgjande forhold spele inn i vurderinga av om omsyna bak føresegnene i pbl. § 1-8 vert sett til side:

1. Utbygd tomt

Det skal takast omsyn til om dispensasjonen gjeld for mindre tiltak på ei utbygd tomt. Spesielt eigedomar med eldre bygningsmasse har behov for oppgradering til dagens standard og fasilitetsbehov. I dispensasjonsvurderinga vert det då viktig å vurdere på om ei samla påverknad av fleire mindre tiltak til saman vil ha ein negativ påverknad på natur- og kulturmiljø, friluftsliv og andre allmenne interesser. Nye tiltak kan ligge maks 25 m frå eksisterande bygningar.

2. Utnytting av eksisterande infrastruktur

Det skal takast omsyn til om tiltak det vert søkt om dispensasjon for kan nytte seg av allereie eksisterande infrastruktur og ikkje treng å opparbeide ny.

3. Utbygging i nærområdet

Det skal leggjast vekt på om eigedomen det vert søkt om dispensasjon for ligg i nærleik til allereie utbygd eller planlagt utbygd område. Fortetting kan vere ei god løysing sjølv om det i nokre tilfelle vil krevje dispensasjon. Dette gjeld spesielt for dispensasjon for tiltak på allereie utbygd eigedom. Det bør ikkje gjevast dispensasjon for nybygg i områder som ligg i nærleiken av regulerte områder til tilsvarande føremål.

Desse omsyna er arbeidd inn i arealplanen sine føresegner som retningslinjer i punkt 4.3.1.

Administrasjonen brukar uhøvesmessig mykje ressursar på dispensasjonar for tiltak som gjeld allereie utbygde fritidstomter i LNF og strandsone. Dispensasjonsvurderingane er like omfattande for små tiltak som for store, og dette krev både tid og kunnskap. Vidare må sakene på høyring til Statsforvaltaren før dei vert handsama politisk. Det vert i tillegg veldig ofte klagehandsaming i etterkant fordi anten Statsforvaltar eller tiltakshavar klagar på vedtaket. Me bruker også mykje ressursar internt på å diskutere desse sakene for å sikre lik vurdering. Det er eit politisk ynskje om å at dei som har fritidsbustadar i kommunen skal nytte dei slik som er naturleg for ei fritidstomt, uavhengig av om den ligg i eit område som er avsett til dette eller ei. Som administrasjon er det difor eit stort behov for klarare retningslinjer for handsaming av denne typen saker som skapar ei føreseieleg sakshandsaming både for eigarar av fritidsbustadar og for sakshandsamarane.

10. Samla konsekvensvurdering av arealplanen

I vurderingane om å leggje inn nye arealføremål er det gjort vurderingar av moglege konflikhtar det vil skape. Nokre innspel er teke ut eller endra for å redusere eit mogleg konfliktnivå. Totalt vert det føreslått 19 endringar av arealføremål på land, fem justeringar av areal på sjø, samt eit nytt erstatningsføremål i sjø.

10.1. Bustad

Alle bustadområda ligg i tilknytning til eitt av dei fire bygdesentera våre, eller i allereie etablert bygd med nær tilkomst til eksisterande og framtidig næringsområde med mange arbeidsplassar. Til saman er det lagt inn tre nye bustadområde på til saman 291 daa. Samstundes er det tatt ut fire bustadområde på til saman 89 daa som ikkje var utbygd, og som ikkje lenger er vurdert som ynskjeleg å byggje ut.

I tillegg er ni områder som låg inne som LNF spreidd på til saman 950 daa tatt ut av planen og tilbakeført til rein LNF. Fleire andre LNF spreidd-områder er i tillegg redusert i størrelse, samstundes som tal på moglege

nye bustadar er redusert. Arealet som er satt av til LNF spreidd bygging er redusert med 1 831 daa. Mesteparten er tilbakeført til reint LNF-føremål. Dette er gjort for å betre tilpasse bustadtilbodet med den venta folkeveksten. Det fører også til at Gulen kommune har fått ein arealplan som gir ei mykje tydlegare retning for ønska bustadutvikling.

Det er størst bustadoverskot i ytre deler av kommunen. Det er fordi det er her det er flest arbeidsplassar, og at veksten i venta arbeidsplassar auka mest. Næringslivsundersøkingar viser at verksemdene knytt til næringsområda i Ytre Gulen ventar å skape over 300 nye arbeidsplassar i privat sektor dei komande åra. Då er det viktig at kommunen har tilrettelagt med tilgjengeleg areal for bustadbygging, slik at me på denne måten er med på å bidra til at tilsette vil flytte til kommunen.

Ved å sentrere bustadområda nærare bygdesentera med sine tenestetilbod, er arealplanen med på å redusere transportbehov og som ein konsekvens også klimagassutsleppa. Ein tydeleg arealplan som legg til rette for at bustadutviklinga hovudsakleg skal skje i tilknytning til eksisterande bygdesenter og grender gir viktige føringar for dei som ynskjer å busetje seg i kommunen vår. Då må me også godta at me ikkje alltid treffer med desse føringane, og då er dispensasjonsmoglegheita eit viktig verktøy som kan nyttast i unntakstilfella.

10.2. Næring

Tre områder for næring er tatt med vidare i planen, samt eit område for LNF spreidd næring. Av desse område er det heilt klart utviding av industriområdet i Sløvåg som skapar dei største konsekvensane i endra arealbruk. Ei endring i føremål her vil føre med seg fylling i sjø, og opparbeiding av det som i dag er naturområde. Både opparbeidinga og påfølgjande næringsverksemd vil auke kommunen sine klimagassutslepp, som allereie er høge samanlikna med nabokommunane våre. Det ligg også naturområde i nærleiken som er rangert med høg verdi. Likevel er det berre i dette området av kommunen at det er naturleg å tenke vidare næringsutvikling av den type næringsverksemdar som allereie er etablerte der. Konsekvensane for å utvide området er mindre enn det vil vere å leggje til rette for nye områder for industriutvikling andre stader i kommunen. Her må ein ta utgangspunkt i det som allereie er bygd opp.

Næringa sjølv er tydelege på at ein av årsakene til at dei planlegg for stor vekst, er synergiane det fører med seg at det har etablert seg eit kluster av bedrifter som på ulike måtar driv aktivitet i stor grad opp mot offshore næringa og avfallsbehandling. Då er det viktig at kommunen legg til rette for vidare utvikling av området ved å leggje til rette næringsareal.

10.3. Naturmangfald

Naturmangfaldet i planen er godt ivareteke. Totalt nesten 3000 daa er tilbakeført til rein LNF-føremål. Bustadutviklinga er i større grad sentrert til allereie utbygde strøk, og innspel som såg ut til å kunne kome i konflikt med naturmangfaldet, landskapspåverknad og kulturmiljø er i stor grad sortert ut. Ny kartlegging av naturmangfald er planlagt og vil verte eit viktig styringsverktøy framover.

Berre rundt 3% av arealet i Gulen er utbygd (både bygningar og vegar). Dette gir gode forhold til den grønne infrastrukturen, og me har store, samanhengande naturområde. Ingen av verneområda våre er påverka av nye innspel til planen, og det finst store områder med urørt strandlinje.

10.4 Friluftsliv

Datasett for arbeid med å kartlegge og verdisette viktige friluftsområde i kommunen er nytta som kunnskapsgrunnlag i konsekvensutgreiinga. Kommunen har eit stort nettverk med turløyper i fjellet som er tekne vare på, og omsyn til.

10.5 Kulturmiljø og kulturminne

Plan for kulturmiljø er utarbeidd og vert godkjent hausten 2021. Registreringane og kunnskapsgrunnlaget som kjem fram i denne planen er nytta i utgreiingsarbeidet i arealplanen, samt andre tilgjengelege kjelder

og kartlagd om temaet. Ingen kjente kulturmiljø og kulturminne vil verte negativt påverka av innspel til planen. Unntak gjeld delvis for utviding av industriområde i Sløvåg. Denne er nærare utgreidd i eigen konsekvensutgreiing.

10.6. Landskap

Mangfaldet av naturlandskap i kommunen vert oppretthaldt i planen. Arealplanen legg ikkje opp til omdisponering av landbruksareal eller dyrka mark. Store områder er tilbakeført som reint LNF-føremål. Oversiktskartet over jordbruksintensitet viser at det er mest jordbruk i tilknytning til dei største bygdene og grendene. Planen klarer likevel å leggje til rette for ei utvikling som i liten grad går på bekostning av landbruksarealet.

10.7 Oversikt over endringar i arealføremål

Tabellen nedanfor viser endra arealføremål i dei viktigaste og største føremålsområda. Totalt sett er det 800 daa meir som er tilbakeført til LNF enn det er ny bruk for andre føremål. Det betyr mellom anna at denne arealplanen er meir tydeleg i arealbruken enn den førre planen var. Føremålsområder som ein såg ikkje vart nytta slik som tenkt, eller der føremålet ikkje var i tråd med overordna føringar, er tilbakeført til LNF. Bustadutviklinga er i større grad sentrert rundt bygdesentera våre, og den arealkrevjande næringsutviklinga er også i hovudsak sentrert rundt eksisterande industriområde.

Føremål	KPA 2020	KPA 2012	Endring	Kommentar
Bustad	2056	1924	+131	Fire bustadområder er tatt ut av planen, og fire nye er tatt inn.
LNF spreidd bygging	3853	5608	-1755	Områder tatt heilt ut eller redusert/tilpassa.
Fritidsbustad	5654	5680	-26	Tilpassing av eksisterande område (ingen nye).
Næring	2831	2330	+501	Hovudsakleg utviding i Sløvåg
Akvakultur	11720	11341	+349	Tilpassing/justering av eksisterande område. Eit erstatningsområde.

Referanseliste:

DSB (2014) «Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen»,

<https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veiledere/veileder-til-helhetlig-risiko-og-sarbarhetsanalyse-i-kommunen.pdf>

DSB (2015) «Klimahjelperen», <https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veiledere/klimahjelperen.pdf>

DSB (2016) «Havnivåstigning og stormflo», <https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veiledere/havnivastigning-og-stormflo.pdf>

DSB (2017) «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»,

<https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veiledere/samfunnstryggleik-i-kommunen-si-arealplanlegging.pdf>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2018) «H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling», <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/samfunnssikkerhet-i-planlegging-og-byggesaksbehandling/id2616041/?ch=1>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2019) «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023),

<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-bm.pdf>

Miljødirektoratet (2015) «Sea Level Change for Norway Past and Present Observations and Projections to 2100” <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M405/M405.pdf>

DSB/Bjerknessenteret (2009) «Havnivåstigning. Estimater av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner» <https://dibk.no/globalassets/tema/klimatilpasning/havnivaastigning-rapp.pdf>

Miljødirektoratet (2015) «Klima i Norge 2100 NCCS report no. 2/2015»,
<https://cms.met.no/site/2/klimaservicesenteret/rapporter-og-publikasjoner/attachment/6616?ts=14ff3d4eeb8>

Helle, Turid (1991) «Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Gulen kommune», Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Rapport nr. 17, Sogn og Fjordane Distriktshøgskule

Gaarder, Geir (2005) «Biologisk mangfald i Gulen kommune», Rapport 2005_19, Miljøfaglig Utredning AS.

Gulen kommune (2021), Kulturmiljøplan for Gulen kommune

Vestland fylkeskommune (2021) «Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033»,
<https://www.vestlandfylke.no/link/df5ed97a28ef4e0190fcc43ed17d8590.aspx>

Vestland fylkeskommune (2020) «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi»,
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/utviklingsplan-for-vestland-vedteken-nett.pdf>